



Bokn kommune

Rådmannen sitt forslag til
Drift- og investeringsbudsjett 2018
og
Økonomiplan 2019 - 2021

Innhald:

Rådmannen sine generelle kommentarar	1
Reglement for økonomiplan og budsjett	18
Økonomisk oversikt drift	20
Økonomisk oversikt investering	22
Anskaffelse og anvendelse av midler	23
Budsjettskjema 1A – drift	24
Budsjettskjema 2A – investering	25
Oversikt fond	26
Noter til driftsregnskapet	27
Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen	28
Rammeområde 2 – Seksjon kultur, skule og barnehage	34
Rammeområde 3 – Seksjon helse og omsorg	41
Rammeområde 4 – Sosial og barnevern	48
Rammeområde 6 – Teknisk	45

Vedlegg:

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag

Gebyrregulativet

Rådmannens forslag til budsjett 2018 og økonomiplan 2019 – 2021

RÅDMANNENS FORORD

Rådmannen legg med dette fram forslag til budsjett 2018 og økonomiplan for perioden 2019 – 2021.

Forslaget tar utgangspunkt i følgjande:

- Kommunestyret sin vedtekne økonomiplan for perioden 2018-2020
- Andre politiske vedtak gjennom året
- Kommunale planar
- Dagens drift
- Statlege styringssignal; mellom anna forslag til Statsbudsjett for 2018 og seinare endringar i økonomiplanperioden.

I framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2019 - 2021 legg ein opp til ei vidareføring av dagens aktivitetar i den grad det er økonomisk mogleg. Forslaget til statsbudsjett for 2018 med endra rammevilkår for kommunen, demografiske endringar, auka finanskostnader som fylgje av tidlegare og pågåande investeringar vil føre til ei sterk reduksjon i kommunen sine nettoinntekter.

Konsekvensane av nytt inntektssystem og høge finanskostnader var og kjende ved utarbeiding av budsjettet for 2017. Men reduksjonen i dei statlege endringane er komme tidlegare og sterkare enn det som var lagt til grunn i årsbudsjett 2017 og økonomiplan for 2018 – 2020.

Rådmannen legg til grunn at det må gjennomførast nødvendige omstillingstiltak med sikte på forbetre budsjettbalansen. Skal ein lykkast i å driva kommunen innanfor dei økonomiske rammene som staten i framtida vil gi Bokn, vil mykje måtte handle om å finna smartare og meir kostnadseffektive måtar å arbeida på. Men rådmannen ser det også som nødvendig å fase ut nokre av dei tenestene kommunen har i dag samtidig som det økonomiske nivået på tenestene må tas ned. Kommunale velferds- og aktivitetstilbod må i større grad bli erstatta av eigeninnsats frå Boknarane sjølv. Ein må og vurdere å iverksette tiltak som kan auke inntektene.

Rådmannen har lagt fram eit budsjettforslag som i utgangspunktet gir kommunen eit forsvarleg budsjett både for 2018 og for den kommande økonomiplanperioden. Men det må påpeikast at det er mange ukjente faktorar som skaper stor usikkerheit i budsjettframlegget – både på inntekts- og utgiftssida. Særleg er usikkerheita stor når det gjeld vurdering av framtidige inntekter. Både når det gjeld forslaget i Statsbudsjettet om å fjerne eigedomsskatt på verk og bruk frå 2019 og når det gjeld konsekvensane av den uavklarte konflikten ein har med Gassco og Statoil om taksering av industriverksemda på Kårstø.

Ny taksering av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2016, medførte ei auke i eigedomsskatten med rundt 2 mill. kroner. Statoil og Gassco har påklaga denne takseringa, og det kan forventast at saken vil bli avgjort gjennom rettssystemet i løpet av

2018/19.

Som følgje av striden om eigedomsskattegrunnlaget er desse inntektene usikre og ein vil ut frå kravet om forsvarleg budsjettering tilrå at Bokn setter av meirinntektene frå 2016, 2017, 2018 og dei kommande åra i økonomiplanperioden på eit sikringsfond. Dersom kommunane vinn fram i rettssystemet kan midlane på eit seinare tidspunkt nyttast til drift eller investering.

Bokn kommune er på tilsvarande måte som Tysvær i stor grad avhengig av dagens eigedomsskatt på verk og bruk. I statsbudsjettet for 2018 er det foreslått at eigedomsskatt på verk og bruk skal fjernast og erstattast med ein næringsskatt. Førebels berekningar og grove anslag tilseier at Bokn vil få redusert sine inntekter med mellom 4 og 6 millionar dersom dette blir vedtatt av Stortinget.

Rådmannen har i framlegg til budsjett og økonomiplan for 2018 – 2021 sett fram forslag om å innføra næringsskatt som erstatning for eigedomsskatt på verk og bruk.

Nytt inntektssystem frå 2017 fører til at rammetilskottet til Bokn blir redusert gjennom ei nedtrapping over 10 år med ca. 400.000,- kroner per år. Denne reduksjonen i rammetilskott er fasa inn i økonomiplanen.

Stor usikkerheit knyta til både inntektssida og utgiftssida i budsjettet og økonomiplanen gjer at Rådmannen ser det som nødvendige at det blir utarbeidd eit revidert budsjettforslag tidleg i 2018. Då vil forhåpentlegvis nokre av dei usikkerheitene som no pregar budsjettet vere avklart.

Men uansett kva Stortinget gjer når det gjeld dagens eigedomsskatt på verk og bruk, syner den økonomiske utviklinga at Bokn må rekne med eit større inntektstap enn vi tidlegare har tatt høgde for i den økonomiske planlegginga. Dette vil sette strammare rammer for nivået på dei kommunale tenestene og rammer for framtidige investeringar i Bokn kommune.

Bokn, 13. november 2017

Jan Erik Nygaard
Rådmann

BUDSJETTFORESETNADER

DEMOGRAFI OG ØKONOMISKE NØKKELTALL

INDIKATORAR I DET SENTRAL INNTEKTSSYSTEMET


Grafen nedanfor viser befolkninga si aldersfordeling i Bokn i 2016 samanlikna med Landet og kommunar i Rogaland.

Ein ser at Bokn har ein vesentleg færre andel av unge 0 – 5 år og ein vesentleg større andel av aldersgruppa +80 enn Landet og Rogaland. Dette seier også litt om kostnadsbehovet i Bokn kommune i forhold til tenestoområda.

I det sentrale inntektssystemet er det etablert såkalla objektive indikatorar som gi uttrykk for forskjellar i tenestebehov som følgje av alderssamansetting og ulike sosioøkonomiske forhold.

Dette er viktig å ta omsyn til når ein samanliknar nivået på våre tenester med andre kommunar.

Samansetning av befolkning 2016



BEFOLKNINGSPROGNOSE FOR BOKN KOMMUNE

Folketalsutviklinga er ein avgjerande faktor i kommunen sin økonomiske planlegging og prioritering. Ved vurdering av folketalsutviklinga må ein ta omsyn til viktige endringskrefter i det lokale og regionale utviklingsbildet som effektar av nye vegsamband, nærings- og sentrumsutvikling, nye bustadområde m.v. For Bokn må ein gjere rekning med at Rogfast vil ha stor betydning for framtidige busetnader og næringsetableringar.

Framskrivinga viser at Bokn vil få ei sterk vekst i talet på eldre over 67 år og vaksne i aldersgruppa opp til 67 år. Dette tilseier at det generelt må leggst til rette for auka bustadbygging og tilrettelagde bustader for eldre – omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.

Framskriving av befolkningsutviklinga i Bokn 2017 – 2040 er basert på høg nasjonal vekst + 1 % vekst frå 2025

Pr. 01.01	2017	2020	2025	2030	2035	2040
0 – 5 år	53	65	66	69	73	76
6 – 15 år	123	107	112	124	130	137
16 – 66 år	539	548	599	629	661	696
67 og over	150	165	174	189	201	227
Sum	865	887	922	1011	1065	1136

SAMANLIKNINGSTALL FOR TENESTENE OG SAMANLIKNING BOKN OG ANDRE KOMMUNAR – KOSTRA 2014 – 2015 - 2016


KS har utvikla ein modell som viser på kva måte kommunen prioriterer sine ressursar, basert på KOSTRA rekneskapstal. Modellen korrigerer også for følgjande forhold:

- Kommunar har forskjellig inntektsgrunnlag, noko som betyr at dei ikkje kan bruke like mykje ressursar (pengar) til dei kommunale tenestene. Kommunane med de høgaste inntektene kan gjennomgåande ha «betre» tenestetilbod enn kommunane med dei lågaste inntektene.
- Kommunane er forskjellige med omsyn til innbyggjarsamansetting, andre demografiske forhold og busetjingsmønster som påverkar kommunane sine forventa ressursbruk eller utgiftsbehov.


Figurane nedanfor viser Bokn kommune sine prioriteringar, basert på rekneskapstal dei tre siste åra 2014 – 2015 – 2016. I tillegg er det lagt fram figurar som viser ei samanlikning av frie inntekter og ressursbruk når det gjeld drift mellom Bokn, Kvitsøy, Karmøy og Tysvær.

Figuren viser at for dei fleste områda har Bokn kommune eit høgare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet. Når det gjeld barnehage, sosialteneste og barnevern har Bokn etter departementet sine berekningar eit lågare utgiftsbehov.

Ressursbruk etter Kostra-tal – justert for berekna kostnadsbehov samanlikna med Landet



Bokn kommunes inntekter og ressursbruk korrigert for kommunens utgiftsbehov




Korrigert for kommunens utgiftsbehov viser figuren at Bokn kommune i 2016 hadde 15.293,- kroner meir per innbyggjar i frie inntekter enn landsgjennomsnittet og bruker ca. 3.300,-

kroner meir per innbyggjar til tenester innafor inntektssystemet og kr. 8.460,- kroner meir per innbyggjar til tenester utanfor inntektssystemet. Til administrasjon bruker Bokn kommune 738,- kroner mindre per innbyggjar enn landgjennomsnittet.


Av figuren går det også fram at netto driftsresultat i Bokn var 2.896,- kroner per innbyggjar høgare enn landsgjennomsnittet.

Ressursbruk i 2016 samanlikna med ressursbruken i kommunane Kvitsøy, Tysvær og Karmøy og Landet korrigert for kommunens utgiftsbehov



Figuren viser at små kommunar som Bokn og Kvitsøy gjennomgåande har høgare kostnader og er dyrare å driva enn gjennomsnittet for landet og større kommunar.

Bokn kommunes ressursbruk i 2016 samanlikna med ressursbruken i kommunane Kvitsøy, Tysvær og Karmøy, korrigert for kommunen sitt utgiftsbehov.




Figuren viser ei samanlikning av inntekter og ressursbruk mellom Bokn og nabokommunane Tysvær, Kvitsøy og Karmøy; korrigert for kommunane sine utgiftsbehov og viser at Bokn i 2016 hadde høge frie inntekter både samanlikna med landsgjennomsnittet Kvitsøy, Tysvær og Karmøy.

Når det gjeld tenester innanfor inntektssystemet ligg ressursbruken i Bokn og Tysvær tilnærma lik; vesentleg over både Kvitsøy og Karmøy.

Ressursbruken til tenester utanfor inntektssystemet er høge både i Bokn og Kvitsøy, mens figuren viser at Bokn kommune sine utgifter til administrasjon er låge samanlikna med nabokommunane.

Samanlikning av tenester innanfor inntektssystemet korrigert for forskjellar i utgiftsbehovet mellom Bokn, Kvitsøy, Tysvær og Karmøy 2016.



Figuren viser at både Bokn og Tysvær brukar vesentleg større ressursar enn både landsgjennomsnittet, Kvitsøy og Karmøy når det gjeld Pleie- og omsorg. Vidare ser ein at Bokn i 2016 bruker ein vesentleg større ressurs enn dei andre kommunane til Grunnskule

HOVUDFØRESETNADER I STATSBUJSJETTET – KONSEKVEN SAR FOR BOKN

Rådmannen sitt framlegg til budsjett bygger på det framlegget til statsbudsjett som regjeringa la fram 12.10.2017.

I framlegget for 2018 seier regjeringa dette:

«En god og forutsigbar kommuneøkonomi er viktig for at kommunene og fylkeskommunene skal ivareta sine oppgaver. Regjeringens forslag til kommuneopplegg for 2018 legger til rette for at kommunen kan tilby bedre og flere tjenester.»

«Regjeringa sitt budsjettframlegg setter kommunene i stand til å styrke viktige velferdstjenester. Det blir lagt særlig til rette for å styrke helsetilbudet til barn og unge, tidlig innsats i skolen og å sikre et bedre tilbud til rusavhengige.»

Statsbudsjettet byggjer på ei rekke føresetnader. Endring og omleggingar i statsbudsjettet som gir kompensasjon og eller fråtrekk i rammetilskotet blir delvis kommentert særskilt og meir utfyllande seinare i budsjett. I det etterfølgjande blir dei viktigaste føresetnadene i statsbudsjettet punktvis summert opp:

- Det blir fremja vesentlege endringar i eige domsskattelova ved at maskinar og utstyr ikkje skal kunne ilaggast eige domsskatt. Det er i forslaget frå Regjeringa sagt at anlegg som er omfatta av skattereglar i forhold til petroleumsskattelova ikkje er

omfatta av endringa. Deler av anlegga på Kårstø vil vera utanfor skattereglar etter petroleumsskattelova, og vil med det ikkje få eigedomsskatt. Negative konsekvensar for Bokn er dramatiske.

- Endringar i inntektssystemet frå 2018 er lagt inn i rammene, og har sterk negativ konsekvens for Bokn. Forslaget til endring i eigedomsskatten for verk og bruk er ikkje lagt inn i budsjettet.
- Samla får Bokn 67,7 mill. kroner i rammetilskot og forventa skatteinntekter i 2018. Det er berre 1,0 mill. kroner meir enn forventa skatt og rammetilskot i 2017 eller ei vekst på 1,3 % frå 2017 til 2018; noko som skal dekkja løns- og prisstigning, demografiutvikling og nye/endra oppgåver.
- Nytt inntektssystem og negativ folketalsvekst er medverkande til at Bokn får vesentleg lågare rammetilskot enn veksten på landsbasis - som i 2018 er berekna å utgjere 2,6 %.
- Befolkningsveksten frå 1. juli 2016 til 1. juli 2017 var 0, men den gjekk ned til 855 per 1. januar 2017. Veksten i Bokn er svak i forhold til veksten på landsbasis, og gir difor ei lågare vekst enn forventa i overføringar gjennom inntektssystemet.
- Skjønstilskotet for ressurskrevjande brukarar er auka med 0,2 mill. kroner til 1,7 mill. kroner.
- Pris- og lønnskompensasjonen (deflator) er på 2,6% i neste års budsjett. Det blir rekna inn 3,0% lønnsvekst og 1,9 % prisvekst. Lønn tel rundt 2/3 i deflatoren.
- Realveksten til kommunane er på 3,6 mrd. kroner, og Bokn sin andel av denne er rundt 0,6 mill. kroner. I tillegg til realvekst kjem kompensasjon for løns- og prisstigning – som for Bokn sin del blir negativ som følgje av redusert innbyggjartal.

Deler av denne realveksten skal dekke opp:

- Meirutgifter som følgje av befolkningsutvikling, rekna til 2,2 mrd. kroner neste år. Negativ folketilvekst gjer at Bokn heller ikkje får auka utgifter som følgje av auka folketal.
- Auka pensjonskostnader ut over det som blir dekkja av veksten i rammetilskottet er rekna til 0,3 mrd. kroner; for Bokn grovt rekna til rundt 60.000,- kroner.
- Styrking av kommunale tenester til personar med rusproblem 300 mill. kroner på landsbasis; for Bokn rundt 40.000,- kroner.
- Til tidleg innsats barnehage og skule ligg det i rammetilskotet inn 200 mill. kroner; 100 mill. kroner fordelt til både barnehagesektor og skulesektor. Effekt for Bokn er 20.000 kroner til barnehage og 24.000 kroner til skule.
- Til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar ligg det 200 mill. kroner inne. Løyvinga er rekna inn mot barnevernsområdet, og inneber for Bokn 36.000 kroner.
- Ut over dette reknar regjeringa med at den realveksten som er tildelt kommunane skal gi rom for ytterlegare 400 mill. kroner.
- Den kommunale skattøren blir fastsett i statsbudsjettet for 2018 og er foreslått uendra frå 2017 til 11,8 %. Dette er tilpassa ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere 40 % av kommunane sine samla inntekter.

Det er elles i framlegget til statsbudsjettet føresett ein del oppgåve- og betalings-/prisendringar mellom stat og kommune som gir fråtrekk eller tillegg i rammetilskotet:

- Makspris barnehage aukar til 2.910,- kroner frå 01.01.2018. Ein legg til grunn at kommune aukar prisen si samsvar med dette.
- Maksimalt berekningsgrunnlag for investering til einingar med heildøgns omsorg blir som i 2017 på 3 144 000 kroner. Tilskot til kommunen blir 55 % av dette beløpet for

sjukeheimplassar; dvs. kr. 1 729 000 kroner pr. plass. For omsorgsbustadar dekkast 45 % - 1 415 000. Det vert foreslått innført ein gradvis omlegging av tilskotsordninga ved at det innan 2021 berre skal gjevast investeringstilskot til nye plassar. Nå kan tilskotet også nyttast til ombyggingar, teknologiutbetringar osv. Gradvis betyr at 20 % av samla pott i 2017, skal øyremerkast tiltak som gjev auke i plassar, deretter 40 % i 2018, 60 % i 2019, 80 % i 2020 og 100 % i 2021.

- Kostnadsrefusjon frå staten for ressurskrevjande brukarar under 67 år blir endra ved innslagspunktet for tilskot aukar frå 1 157 000 kroner til 1 235 000 kroner. Auken er 50.000,- meir enn pris- og lønskompensasjonen, og inneber ei ytterlegare innstramming for Bokn kommune. Kompensasjonsgrad på 80 % blir vidareført.

SKATT OG RAMMETILSKOT

Inntektsskatt og rammetilskot utgjer den største delen av kommunane sine inntekter, og det er her staten styrer kommunane sine tenester med auke eller reduksjon av overføringar.

Regjeringa sa i budsjettet for 2016 at dei ville koma med ei omfattande endring i inntektssystemet i 2017, noko som blei gjort gjennom den vedtekne kommuneproposisjonen i mai 2016 og utdjupa i statsbudsjettet for 2017. Endringane er vesentlege ved at utgiftsutjamninga er gjennomgått og kriteria er endra. Det er gjort endringar i basistilskot ut frå kor kort avstand det er til senter nær kommunen og det er endringar i småkommunetilskottet. Småkommunetilskottet er halvvert i forhold til beløpet i 2016. Beløpet er heller ikkje lønns- og prisjustert frå 2017 til 2018. Endringane er sterkt negative for den framtidige økonomien til Bokn kommune. Samla negative effekt for Bokn kommune er rundt 3,5 mill. kroner.

Samla overføringar til Bokn i inntektssystemet, skatt og rammetilskot for 2017 og 2018 går fram av tabellen nedanfor (tal i heile tusen):

	Framlegg 2018	Framlegg 2017	Endring
Inntektsskatt	22170	21567	603
Inntektsutjamning	2282	2216	66
Innbyggartilskot	20563	19886	677
Utgiftsutjamning	15156	15371	-215
Særskilde fordelingar	129	202	-73
Inntektsgaranti	2923	3228	-305
Skjønns ressurskrevjande	1700	1500	200
Småkommunetilskot	2772	2772	0
Samla skatt og rammetilskot	67695	66742	953

I statsbudsjettet er det på landsbasis lagt til grunn ei vekst i rammetilskott og skatt på 2,6 % mens det i Bokn berre er ei auke på 1,4 %.

Veksten i framlegget til statsbudsjett frå 2016 til 2017 var på ca. 700.000,- kroner eller 0,9 %. Nytt inntektssystem saman med den demografiske utviklinga har resultert i at Bokn i 2017 og 2018 har fått eit rammetilskott som ligg 2,6 mill. kroner under deflator.

Rammetilskot og skatt 2016 – 2025 (alle tal i heile tusen)

	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021	B 2022	B 2023	B 2024	B 2025
Sum R/S	66700	67700	66800	66400	66100	65700	65300	64900	64500
% endring	0,9	1,4	1,3	- 0,6	- 0,6	- 0,6	- 0,6	- 0,6	- 0,6

Som det går fram av tabellen vil Bokn kommune gradvis få redusert inntekter som fylgje av nytt inntektssystem fram til 2025. I tillegg vil rammetilskottet bli redusert som fylgje av den demografiske utviklinga.

SKJØNNSTILSKOT

Bokn får i 2018 skjønnstilskot på 1,7 mill. kroner etter tilråding frå Fylkesmannen. Tilsvarende i 2017 var 1,5 mill. kroner. Tilskottet heng saman med store utgifter til ressurskrevjande brukarar. Det er knytt stor usikkerheit til dette skjønnstilskottet. Rådmannen har lagt til grunn eit årleg skjønnstilskot på 1,2 mill. i økonomiplanperioden.

EIGEDOMSSKATT

ENDRING AV EIGEDOMSKRAFT FRÅ VERK OG BRUK

Økonomiplanen bygger på ei vidareføring av dagens lovverk når det gjeld eigedomsskatt på verk og bruk. Ein er merksam på at dagens lov står under et sterkt endringspress – både frå regjeringa og frå store industriverksemdar.

I budsjettet for 2017 skreiv rådmannen fylgjande:

«KS skriv om eigedomsskatten: «Det fremmes i denne omgang ikke forslag om endringer i reglene om beskatning av verk og bruk.»

Dette må lesast som at faren på ingen måte er over, og det står fast at Bokn må førebu seg på eit svakare inntektsgrunnlag over tid.»

I forslag til statsbudsjett for 2018 er det lagt fram eit endringsforslag når det gjeld eigedomskraft på verk og bruk i tråd med dei høyringsforslaga som var sendt ut til kommunane på høyring i 2015. Oppsummert er ordlyden slik i forslaget:

«Regjeringa foreslår å fjerne eigedomsskatten på maskiner og tilbehør. Å fjerne eigedomsskatten på maskiner og tilbehør vil gi store lettelsar for industrien og vil medvirke til trygge arbeidsplassar. Endringa innebærer at produksjonsutstyr og installasjonar ikke lenger skal regnes med i grunnlaget for å beregne eigedomsskatt. Kategorien verk og bruk vert fjerna. Formålet er å gjøre utskriving av eigedomsskatt mer påregnelig og at skattlegging av verk og bruk bli mer lik skattlegging av andre næringsseiendommer. Forslaget innebærer reduserte inntekter for kommunene, men bedre vilkår for bedrifter og arbeidsplassar, som også er viktig for kommunene. Endringene skal ikke gjelde for vannkraftanlegg, vindkraftanlegg og anlegg som omfattes av særskattereglene for petroleum. For å lette overgangen for kommunene foreslår Regjeringa ei overgangsordning på 5 år. Regjeringa foreslår at de nye reglene får virkning frå og med 2019, med ei overgangsordning til og med 2023.»

Kva som ligg i formuleringa «anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» må endeleg avklarast, og føreset truleg ny takstvurderingar før ein endeleg kan talfeste konsekvensar for eigedomsskatten frå Kårstø. Det synes klart at eigedomsskatten frå røyrlidningen over Bokn ikkje vil bli påverka av dei nye reglane. Bokn kommune vil likevel bli forholdsvis like sterkt

påverka av endringa som Tysvær, då ein har avtale om at all eigedomsskatt frå gassbasert industri – etter ilandføring av Sleipnerkondensatet – skal fordelast etter folketal.

KS uttaler om eigedomsskatt med bakgrunn i lovforslaget:

«KS mener forslaget har så store ringvirkninger både for kommunenes økonomi og for det lokalpolitiske handlingsrommet, at det ikke bør gjennomføres utelukkende på grunnlag av utredning i Finansdepartementet i forbindelse med statsbudsjettet. Det bør nedsettes et bredt sammensatt lovutvalg hvor kommunesektoren er representert, før så vesentlige endringsforslag fremlegges for Stortinget.»

Forslaget frå mindretalsregjeringa av Høgre og Fremskrittspartiet må andre parti slutta seg til om det skal bli iverksett. Ved framlegg av rådmannen sitt budsjettforslag, er det uavklart korleis dette endar på Stortinget. Rådmannen vidarefører difor det inntektsgrunnlaget nåverande taksering har gitt i dette framlegget til budsjett/økonomiplan. Skulle regjeringa sitt framlegg bli vedtatt i Stortinget må økonomiplanen handsamast på ny, med bakgrunn i kommunelova sitt krav til realistisk budsjettering. Dette må i tilfelle gjerast tidlegast mogleg i 2018.

EVT. UTVIDING AV EIGEDOMSSKATTEGRUNNLAG

Stortinget vedtok med verknad frå og med 2011 endring i lov om eigedomsskatt, veda t kommunen nå kan ha eigedomsskatt både på verk og bruk og næringseigedom, utan at det medfører eigedomsskatt på andre moglege skatteobjekt.

Kommunen kan etter gjeldande reglar velje å innføre eigedomsskatt i:

- a. Heile kommunen og for alle eigedomar; hus, hytter, næringsbygg, verk og bruk, eigedomar utan bygg. Jordbrukseigedomar er då unntatt, men ikkje bustadhus på desse.
- b. Område i kommunen heilt eller delvis utbygd på byvis.
- c. Verk og bruk i heile kommunen.
- d. Verk og bruk og næringseigedom i heile kommunen.
- e. Eigedom både under punkt b og c.
- f. Eigedom både under punkt b og d.
- g. Faste eigedomar i heile kommunen unnateke verk og bruk og annan næringseigedom

Bokn kommune har vedtatt eigedomsskatt berre ut frå punkt c; verk og bruk i heile kommunen.

Regjeringa sitt framlegg til endringar i lov om eigedomsskatt inneber at utskrivingsalternativ c) «Verk og bruk i heile kommunen» fell bort og blir erstatta med t nye utskrivingsalternativ:

1. Vasskraftanlegg, vindkraftanlegg og anlegg omfatta av særskattereglar for petroleum.
2. Næringseigedomar, vasskraftanlegg, vindkraftanlegg og anlegg omfatta av særskattereglar for petroleum.

Kommunen kan velja å berre ha eigedomsskatt etter eitt av desse nye alternativa. Alternativ 1 inneber at verksemder elles i kommunen som har eigedomsskatt i dag, blir fritatt for

eigedomsskatt fullt ut. Alternativ 2 tar med seg også alle næringseigedomar, i tillegg til eigedomar nemnt i alternativ 1, og vil kunne utvida talet på skattepliktige eigedomar samanlikna med dagens situasjon i Bokn.

Iverksetting blir føresett frå 2019 basert på takseringar i 2018 og med innfasing 2019 – 2023.

Rådmannen vil rå til at Bokn innfører næringsskatt frå 2019 basert på alternativ 2.

EIGEDOMSSKATTEANSLAG 2018 – 2021

Rådmannen vidarefører inntektsgrunnlaget for eigedomsskatt ut frå det lovverket som gjeld ved framlegg av ny økonomiplan 2018 – 2021, og med den takseringa som er gjort på Kårstøanlegga pr. 01.01.2016. Det ligg føre klager både frå Gassco og Statoil som står for rundt 175 mill. kroner av samla eigedomsskatt som Bokn får ein andel av. Klagen er ikkje behandla enno og det vil truleg heller ikkje bli ei endeleg avgjer før ut i 2019.

Eigedomsskatten til Bokn utgjer i underkant av 7 % av skatteinntektene frå Kårstø samtidig som Tysvær mottar rundt 93 % av eigedomsskatten som Bokn kommune krev for Europipe-leidningen gjennom Bokn.

Dei samla eigedomsskatteinntektene i økonomiplanperioden 2018 – 2021 utgjer etter dette ca. 12 mill. kroner for Bokn kommune.

Det er ei utfordring korleis kommunen skal disponera eigedomsskatteinntekter som er usikre ved at takst er under klagebehandling, og at det seinare truleg vil koma søksmål. Rådmannen si tilråding er at det blir sett av 2 mill. kroner årleg av den eigedomsskatten Bokn får til eit sikringsfond for å møte eventuelt krav om tilbakebetaling. Behovet for å sette av betydelege midlar til sikringsfond og risiko for store inntektstap i åra framover, blir kommunen si investeringsevne klart svekka.

Det blir ikkje gjort ekstra avsetningar til sikringsfond med bakgrunn i regjeringa sitt framlegg til endringar i eigedomsskattelova, då det vil medføra så store endringar i samla inntektsgrunnlag at budsjett/økonomiplan må opp til ny behandling tidlegast mogleg i 2018.

UTFORDRINGAR FOR DRIFT, INVESTERINGAR OG ØKONOMISK UTVIKLING.

UTFORDRINGAR

Bokn kommune gjorde i 2016 vedtak om kommunen skulle vere eigen kommune. Dette har ein no også fått tilslutning til frå Stortinget, som ferdigbehandla saka om kommunestrukturen hausten 2017.

Ein konsekvens av å fortsette som «frivillig» liten kommune er at Bokn får redusert rammeoverføringane frå staten med ca. 3,5 mill. kroner - med ei nedtrapping over 10 år. Dette gir eit vesentleg dårlegare økonomisk handlingsrom enn kommunen har hatt fram til no.

Bokn kommune har dei siste åra hatt ei demografisk utvikling som også påverkar inntektsoverføringane frå Staten. Stagnasjon og delvis negativt folketalsutvikling påverkar fordeling av inntekter frå gassbasert industri mellom Tysvær og Bokn og rammeoverføringane frå Staten. For Bokn utgjer endringar i demografi og endring i

inntektssystemet til saman 2,6 millionar kroner i mindre inntekt i 2018. Demografiske endringar som små barnekull og aukande antal eldre får også driftsmessige konsekvensar i forhold til det kommunale tenestilbodet samtidig som det får konsekvensar for kulturelle og sosiale aktivitetar i kommunen.

Sterk auke i antal eldre samtidig som ein har eit lågt barnetal tilseier at utgiftsbehovet i tenestene vil bli flytta frå skule til pleie- og omsorg. Ein kan også forvente at det vil bli eit press mot kommunale sjukeheims plassar og omsorgsbustader.

Bokn kommune har mange dyktige medarbeidarar som ivaretar dei fleste oppgåvene som skal løysast i kommunen. Dette er det grunn til å tru dei også vil gjere i framtida.

Samtidig er det ein utfordring at kommunane stadig får seg tillagt fleire oppgåver der det stilles krav til ein spesiell kompetanse. Dette vil ofte vere kompetanse som det er vanskeleg å rekruttere eller kostnadene med å ha slik kompetanse ofte er svært store. Som eksempel kan ein nemne at alle kommunar frå 1. mai 2018 har plikt til å ha eit personvernombod. Samtidig stilles det kvart år i statsbudsjett krav til alle kommunar om ei effektivisering av den kommunale drifta.

På nokre tenesteområde vil dette kunne løysast med samarbeid med andre kommunar. I 2016 gjorde 9 av kommunane på Haugalandet vedtak om å etablera eit felles interkommunalt brannvesen som vil bli operativt i 2018. No blir det arbeida med etablering av eit interkommunalt IT selskap som skal ha ansvar for all IT-drift i kommunane på Haugalandet.

Bokn kommune har allereie inngått samarbeid med Karmøy kommune når det gjeld barnevern og PPT, og frå 1. september er ein komme i gang med byggesak- og plansaksbehandling, kart- og oppmåling og landbruk. Samtidig har ein under utgreiing etablering av eit felles NAV kontor for Karmøy og Bokn.

Konsekvensane av denne utviklinga er at innbyggjarane i kommunen får gode, profesjonelle tenester til ein akseptabel pris, men det er ei utfordring at lokale arbeidsplassar gjennom dette samarbeidet blir flytta ut av kommunen og sentralisert til dei store kommunane. Dette er forhold som ein også frykter kan føre til ei ennå skeivar utvikling av demografiske forhold for distriktskommunane.

Det er ein stor utfordring for den vidare kommunal drifta og framtidige kommunale investeringar i Bokn at det blir lagd fram eit forslag om bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk med så dramatiske konsekvensar dette vil få for kommunen. Budsjettmessige krav til framlegging av eit forsvarleg budsjett gjer at det denne usikkerheita vanskeleggjer kommunen sine planar for vidareføring av dagens drift og vidare investeringar.

BUDSJETTMESSIGE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAV NYTT INNTEKTSYSTEM, NYE INVESTERINGAR OG AUKANDE FINANSKOSTNADER -DRIFT OG INVESTERINGAR

Framlegg til statsbudsjett for 2018 med ei synleggjering av konsekvensane av nytt inntektssystem og demografiske endringar viser at Bokn får ei vesentleg svakare økonomisk utvikling enn det ein har lagt til grunn i tidlegare planar. Kostnadene med eit allereie høgt lånenivå, signal om sterk reduksjon i statlege rammeoverføringar og redusert eigedomsskatt frå verk og bruk vanskeleggjer nye investeringar og vidareføring av dagens drift.

I budsjettframlegget er det tatt ein del grep for å kunne leggja fram eit forsvarleg budsjett. Kostnader som ikkje er lovpålagde er delvis tatt bort, og det blir lagd opp til at driftsnivået på mellom anna skule og barnehage blir redusert til eit akseptabelt nivå i forhold til antal barn. Vidare er avsett til tilleggsøyvingar redusert frå 1 mill. kroner til 800.000,-. Det er heller ikkje lagt opp til auke i driftsutgifter som fylgje av ny sjukeheimsrom eller nye omsorgsbustader.

I forslag til budsjett/økonomiplan har ein lagt inn finanskostnader til nye omsorgsbustader/sjukeheim delvis finansiert gjennom husleigeinntektene frå dei nye omsorgsbustadene.

Når det gjeld tiltrengt ombygging/restaurering av Bokn skule finn rådmannen ikkje rom for å legge inn dette prosjektet inn i budsjettet for 2018 - mellom anna som følgje av den uavklarte situasjonen som føreligg når det gjeld framtidig eigedomsskatt på verk og bruk.

Budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2019 – 2021 er - slik det lagt fram - i ballanse, men det er som ein har peika på - stor grad av usikkerheit knytt til dette budsjettframlegget.

DRIFTSRESULTAT

Brutto driftsresultat i ein kommune må vere minst så stort at det dekker alle kommunen sine finanskostnader. For at eit kommunebudsjett skal kunne seiast å vere i økonomisk balanse er det eit måltal for kommunane at netto driftsresultat bør vera minst 1,75 %.

Ein liten kommune er meir sårbar enn ein stor kommune og må difor ha eit større prosentvise driftsresultat enn dette


BRUTTO OG NETTO DRIFTSRESULTAT (alle tal i heile tusen)

	R 2016	B 2017	B 2018	B2019	B2020	B 2021
Brutto driftsresultat	4829	6439	8299	10801	10516	10127
Netto driftsresultat	5294	2377	3399	6101	5816	5427
Netto driftsres. i %	5,2	2,4	3,5	6,4	6,1	5,7

Som tabellen viser blir det lagd opp til eit solid brutto driftsresultat i økonomiplanperioden. Dette skuldast i stor grad avtalen med Rogfast om sal av vatn. Etter avtalen vil dette utgjere 2,3 mill. kroner kvart år fram til og med 2024. Inntektene frå salet er nytta til nedbetaling av lånet i samband med bygging av nytt vassverk.

Netto driftsresultat er også tilfredsstillande i økonomiplanperioden, men resultatet må reduserast med 2 mill. kroner til sikringsfond kvart år i økonomiplanperioden. I tillegg vil ein foreslå at det blir sett av ytterlegare 2 mill. kroner til sikringsfond i 2019 og 2020 for eigedomsskatt mottatt i 2016 og 2017.

Netto driftsresultat 2016 - 2021:



LÅNEGJELD OG FOND

Utviklinga av langsiktig gjeld 2013 – 2018 eks. startlån (heile 1000)

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Langsiktig gjeld	32 369	26 848	58 319	54 871	82 242	121 892

Lånegjelda i Bokn stig mykje i 2017 som følgje av store investeringar i forbindelse med låneopptak til fleirbrukshall og vassverk. Til utbygginga av sjukeheim/nye omsorgsbustader er lånebehovet på 39,05 mill. inkl. byggjelån og i tillegg er det vedtatt låneopptak på kr. 600.000,- til ny grøft og overvassledning nord for Boknatun. Desse låna er ennå ikkje tatt opp. Totalt vil vi ved utgangen av 2017 ha ei lånegjeld på om lag 121,9 mill. I 2018 vil låna bli redusert som følgje av refusjon i forbindelse med sjukeheim/omsorgsbustadutbygging i tillegg til betaling frå Rogfast for kjøp av vatn. Det er ikkje lagt opp til nye låneopptak i 2018.

Startlån i Bokn utgjer 13,7 mill. kroner ved utgangen av 2017.

Disposisjons- og kapitalfond 2017 (heile 1000)

Kapitalfond	Disposisjonsfond
7 351	6 273

For å styrka likviditetane og eigenfinansiering av framtidige investeringar vil rådmanen rå til at nettodriftsresultat som ikkje vert sett av til sikringsfond vert nytta til styrking av disposisjonsfondet.

KOMMUNALE AVGIFTER

Bokn kommune har ikkje auka dei kommunale VA-avgiftene dei siste åra 4. Det er heller ikkje lagt opp til en auke i avgiftene for 2018. Drifta av vatn, avløp og renovasjonsordninga skal skje etter sjølvkostprinsippet.

I samband med at Bokn kommune får utført byggesaksbehandling og kart/oppmålingsforretningar i Karmøy kommune legg ein fram forslag om eit felles gebyregulativ for desse tenestene i begge kommunane.


Den planlagde utbygginga av Bokn vassverk vil skje gjennom eit samarbeid og avtale om sal av vatn til Rogfast. Det er naturleg at framtidig vassavgifter i Bokn blir vurdert ut frå dei samla kostnader og inntekter ved denne utbygginga.

Betalingssatsane elles er føreslått auka i samsvar med prisstigning eller vedtekne statlege satsar for tenestene.

FOLKETALSUTVIKLING I BOKN

Folketal 2010 til og med 2. kvartal 2017

ÅR	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Fødde	8	6	5	1	8	12	4	
Døde	10	6	3	2	5	8	8	
Fødselsoverskott	-2	0	2	-1	3	4	-4	
Innflytting	49	43	54	21	35	40		
Utflytting	41	29	45	15	41	44		
Netto flytting	8	14	9	6	-6	-4	-6	
Folketalsvekst	6	14	11	5	-3	0	-10	
Sum innbyggjarar	837	851	863	868	865	865	855	865



Innbyggartalet i Bokn har i fleire år vore stabilt på omkring 865, men gjekk ned til 855 ved utgangen av 2016. Per 1. juli 2017 var innbyggjartalet auka til 865.

Hovudutfordringa for Bokn dei kommande åra er å få fleire unge barnefamiliar til å etablere seg i kommunen.

Reglement for økonomiplan og årsbudsjett

(Utdrag av reglement for Bokn kommune)

Rådmannen sender i juni/juli ut eit budsjetttrundskriv for utarbeiding av økonomiplanen og årsbudsjettet med vedtak i desember, jfr. Økonomisystemet sin årssyklus.

Arbeidsprosessar i utarbeidinga av budsjett og økonomiplan :

Alle datoar som ikkje har fastsett frist er rådgjevande og vil fastsetjast kvart år i rådmannen sitt budsjetttrundskriv.

Rapportering til SSB om ressursbruk og tenestedata	Frist 15.februar
Rekneskap og årsmelding for forrige år skal godkjennast	Frist 1.juli
Rundskriv frå rådmannen Inkl. konsekvensjustert budsjett	Ca.1.juli
Budsjettseminar kommunestyre/administrasjon	
Administrativ behandling i seksjonane, inkl. opplæringsplan	Juli - september
Informasjon / samarbeidsmøter	Oktober/november
Frist seksjon	Ca 1.oktober
Rådmannen sitt forslag vert presentert 1)	Ca 8.november
Arbeidsmiljøutvalet får saka til uttale Info til organisasjonane	medio november
Formannskapet 2)	November/desember
Kommunestyret	Frist 15.desember

1) Rådmannen sitt forslag vert offentleg ihht. lov om meiroffentlighet

2) Formannskapet sitt forslag er kommunen sitt ordinære framlegg til budsjett.

Økonomiplanen skal

- gjelde for fire år
- angi kva retning kommunen tenkjer å gå i framtida
- danna grunnlaget for årsbudsjetta
- fylgje opp og føre vidare satsingsområder som er lagt inn i kommuneplanen sin langsiktige del og sentrale vedtak som er gjort.

Årsbudsjettet skal

- utgjere år 1 i økonomiplanen og gjelde for eit år
- bygge på prioriteringar i økonomiplanen
- være bevillingsdokument, dvs. at vedtatt budsjett angir kva netto rammer kommunestyret har løyvd til kommunen sin verksemd det kommande året. Rammene er bindande for rammeområda.

Seksjonane utarbeider sine forslag til årsbudsjett på artsnivå innafor sine respektive rammeområder etter gjeldande budsjettforskrifter. Fordi budsjettet skal bli vedtatt på rammeområde må seksjonane formulere forslag til mål og premisser på dei tenestene kor det er nødvendig for å forklare kva ein vil oppnå med løyvinga.

Oppstilling og fordeling

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i Økoplan etter vedtatt ansvarsstruktur. Dei skal byggje på seksjonane sine rekneskap frå året før men som skal korrigrast for:

Forventa endringar i perioden (ny verksemd o.l.)

Målsetjingar for seksjonane si verksemd
Resultater som forventast nådd i planperioden
Endringar i stillingar (nye/endringar/reduksjonar)

Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet på rammeområder og investeringsbudsjettet på prosjekt nivå iht obligatorisk oppstilling, jfr budsjettforskrift.

Etter kommunelova sin § 44 skal økonomiplanen omfatte heile kommunen si verksemd, være realistisk og setjast opp på ein oversiktleg måte, (ansvar, teneste og art). Økonomiplan og årsbudsjett skal kommunestyret vedta på netto rammeområde;

Kommunen har etter omorganiseringa i 2015 desse rammeområdene:
sentraladministrasjonen
kultur/skule/barnehage
helse og pleie/omsorg
sosial/barnevern
teknisk

Innafor kvart rammeområde sorterer fleire ansvar som er fastsett i den interne kontoplanen. Kvart rammeområde har fleire tenestar.

Dersom kommunestyret vedtar ei innsparing for eit rammeområde, skal denne så langt mogleg vera spesifisert.

Behandling

Behandling av økonomiplan og årsbudsjett skal skje i samsvar med kommunelova sine §§ 44,45 og 46, og budsjettforskrift §§ 3, 4 og 15.

Mynde / vedtak i budsjettsaker

Kommunestyret skal vedta budsjettet som nettoramme pr. rammeområde. Kommunestyret skal i tillegg gi mål og premisser for tildelinga. Kommunestyret må sjølv føreta budsjettjusteringar dersom nettoramma for det gitte ansvarsområde er overskredet.

Når kommunestyret fattar vedtak på nettoramme pr rammeområde (seksjon), medfører dette at leiarane må vurdere kvartalsrapportane for å finne ut om kostnader og inntekter i perioden står i forhold til budsjettet for heile året. Har ein seksjon brukt ein forholdsmessig stor del av budsjettet må leiar og rådmann vurdere om meirforbruket er av ein slik art at det er fare for at kommunestyret si bevilling på årsbasis ikkje er tilstrekkeleg. Kan ikkje meirforbruket, etter rådmannen si vurdering, dekkjast inn i løpet av året, legg rådmannen fram sak om tilleggsbevilling til kommunestyret.

Økonomisk oversikt drift

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter						
Brukerbetalingar	3.251.952,50	2.976.000,00	2.958.000,00	2.958.000,00	2.958.000,00	2.958.000,00
Andre salgs- og leieinntekter	6.145.949,78	9.654.800,00	6.900.800,00	7.200.800,00	7.200.800,00	7.200.800,00
Overføringer med krav til motytelse	13.053.112,69	6.638.100,00	5.925.100,00	5.937.300,00	5.937.300,00	5.937.300,00
Rammetilskudd	45.346.479,00	44.588.000,00	45.772.000,00	45.180.000,00	44.855.000,00	44.506.000,00
Andre statlige overføringer	373.376,00	360.000,00	360.000,00	360.000,00	360.000,00	360.000,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Skatt på inntekt og formue	20.264.770,00	21.660.000,00	21.564.000,00	21.564.000,00	21.564.000,00	21.564.000,00
Eiendomsskatt	12.111.153,51	12.000.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	100.546.793,48	97.876.900,00	95.479.900,00	95.200.100,00	94.875.100,00	94.526.100,00
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	50.311.530,64	48.247.120,00	46.081.600,00	44.176.700,00	44.136.700,00	44.176.700,00
Sosiale utgifter	13.968.323,03	14.116.700,00	13.488.500,00	12.916.900,00	12.916.900,00	12.916.900,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	14.116.528,12	14.648.900,00	13.231.900,00	12.926.900,00	12.926.900,00	12.926.900,00
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	9.006.797,37	6.906.800,00	7.638.800,00	7.638.800,00	7.638.800,00	7.638.800,00
Overføringer	5.226.960,95	4.593.400,00	4.214.400,00	4.139.400,00	4.139.400,00	4.139.400,00
Avskrivninger	3.086.913,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00
Fordelte utgifter	0,00	324.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsutgifter	95.717.053,11	91.436.920,00	87.255.200,00	84.398.700,00	84.358.700,00	84.398.700,00
Brutto driftsresultat	4.829.740,37	6.439.980,00	8.224.700,00	10.801.400,00	10.516.400,00	10.127.400,00
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	1.929.890,85	2.080.000,00	1.800.000,00	1.800.000,00	1.800.000,00	1.800.000,00
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmi)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	0,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00
Sum eksterne finansinntekter	1.929.890,85	2.090.500,00	1.810.500,00	1.810.500,00	1.810.500,00	1.810.500,00
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	1.716.980,43	5.992.000,00	3.000.000,00	3.000.000,00	3.000.000,00	3.000.000,00
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	2.834.848,00	2.750.000,00	6.300.000,00	6.100.000,00	6.100.000,00	6.100.000,00
Utlån	0,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Sum eksterne finansutgifter	4.551.828,43	8.752.500,00	9.310.500,00	9.110.500,00	9.110.500,00	9.110.500,00
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-2.621.937,58	-6.662.000,00	-7.500.000,00	-7.300.000,00	-7.300.000,00	-7.300.000,00
Motpost avskrivninger	3.086.913,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00
Netto driftsresultat	5.294.715,79	2.377.980,00	3.324.700,00	6.101.400,00	5.816.400,00	5.427.400,00
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	152.445,19	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	394.621,40	500.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	237.254,00	25.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	784.320,59	525.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overført til investeringsregnskapet	155.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	320.706,19	2.864.980,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	367.827,43	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	843.533,62	2.864.980,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	5.235.502,76	38.000,00	3.324.700,00	6.101.400,00	5.816.400,00	5.427.400,00

Økonomisk oversikt investering

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	3.553.604,00	900.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motytelse	1.141.066,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kompensasjon for merverdiavgift	6.914.768,16	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Statlige overføringer	5.000.000,00	10.625.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	2.500.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	19.109.438,16	11.525.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utgifter						
Lønnsutgifter	441.267,13	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sosiale utgifter	127.417,16	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	35.487.460,18	46.300.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	567.815,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer	6.914.768,16	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	43.538.727,63	46.300.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansransaksjoner						
Avdrag på lån	1.768.084,50	550.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av aksjer og andeler	1.215.700,00	38.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	1.057.452,80	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	4.041.237,30	588.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansieringsbehov	28.470.526,77	35.363.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekket slik:						
Bruk av lån	11.675.519,00	34.775.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	1.633.818,36	550.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overført fra driftsregnskapet	155.000,00	38.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	1.000.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	14.006.189,41	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	28.470.526,77	35.363.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

Anskaffelse og anvendelse av midler

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Anskaffelse av midler						
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	100.546.793,48	97.876.900,00	95.479.900,00	95.200.100,00	94.875.100,00	94.526.100,00
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	19.109.438,16	11.525.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	15.239.228,21	37.415.500,00	1.810.500,00	1.810.500,00	1.810.500,00	1.810.500,00
Sum anskaffelse av midler	134.895.459,85	146.817.400,00	97.290.400,00	97.010.600,00	96.685.600,00	96.336.600,00
Anvendelse av midler						
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	92.630.140,11	87.713.920,00	83.780.200,00	80.998.700,00	80.958.700,00	80.998.700,00
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	43.538.727,63	46.300.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	7.535.612,93	9.340.500,00	9.310.500,00	9.110.500,00	9.110.500,00	9.110.500,00
Sum anvendelse av midler	143.704.480,67	143.354.420,00	93.165.700,00	90.109.200,00	90.069.200,00	90.109.200,00
Anskaffelse - anvendelse av midler	-8.809.020,82	3.462.980,00	4.124.700,00	6.901.400,00	6.616.400,00	6.227.400,00
Endring i ubrukte lånemidler	-8.675.519,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	-17.484.539,82	3.462.980,00	4.124.700,00	6.901.400,00	6.616.400,00	6.227.400,00
Avsetninger og bruk av avsetninger						
Avsetninger	6.981.489,18	2.864.980,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	15.790.510,00	525.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	-8.809.020,82	2.339.980,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Int. overføringer og fordelinger						
Interne inntekter mv	3.241.913,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00
Interne utgifter mv	3.241.913,00	2.924.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00
Netto interne overføringer	0,00	-324.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00

Budsjettskjema 1A – drift

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Skatt på inntekt og formue	20.264.770,00	21.660.000,00	21.564.000,00	21.564.000,00	21.564.000,00	21.564.000,00
Ordinært rammetilskudd	45.346.479,00	44.588.000,00	45.772.000,00	45.180.000,00	44.855.000,00	44.506.000,00
Skatt på eiendom	12.111.153,51	12.000.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre generelle statstilskudd	373.376,00	360.000,00	360.000,00	360.000,00	360.000,00	360.000,00
Sum frie disponible inntekter	78.095.778,51	78.608.000,00	79.696.000,00	79.104.000,00	78.779.000,00	78.430.000,00
Renteinntekter og utbytte	1.929.890,85	2.080.000,00	1.800.000,00	1.800.000,00	1.800.000,00	1.800.000,00
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidle)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1.716.980,43	5.992.000,00	3.000.000,00	3.000.000,00	3.000.000,00	3.000.000,00
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	2.834.848,00	2.750.000,00	6.300.000,00	6.100.000,00	6.100.000,00	6.100.000,00
Netto finansinnt./utg.	-2.621.937,58	-6.662.000,00	-7.500.000,00	-7.300.000,00	-7.300.000,00	-7.300.000,00
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	320.706,19	2.864.980,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til bundne avsetninger	367.827,43	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	152.445,19	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne avsetninger	394.621,40	500.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne avsetninger	237.254,00	25.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	95.786,97	-2.339.980,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overført til investeringsbudsjettet	155.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling drift	75.414.627,90	69.606.020,00	72.196.000,00	71.804.000,00	71.479.000,00	71.130.000,00
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	70.179.125,00	69.568.020,00	68.871.300,00	65.702.600,00	65.662.600,00	65.702.600,00
Mer/mindreforbruk	5.235.502,90	38.000,00	3.324.700,00	6.101.400,00	5.816.400,00	5.427.400,00

Budsjettskjema 2A – investering

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Investeringer i anleggsmidler	43.538.727,63	46.300.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån og forskutteringer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av aksjer og andeler	1.215.700,00	38.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	1.768.084,50	550.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger	1.057.452,80	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Årets finansieringsbehov	47.579.964,93	46.888.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidler	11.675.519,00	34.775.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	3.553.604,00	900.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd til investeringer	7.500.000,00	10.625.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kompensasjon for merverdiavgift	6.914.768,16	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	2.774.884,36	550.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	32.418.775,52	46.850.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overført fra driftsbudsjettet	155.000,00	38000,00				
0,00	0,00	0,00	0,00	0,00		
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	15.006.189,41	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	47.579.964,93	46.888.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

Budsjettskjema 1B – Fordeling drift

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1 SENTRALADMINISTRASJONEN				
Utgifter	15.480.800	15.440.800	15.400.800	15.440.800
Inntekter	-885.900	-885.900	-885.900	-885.900
Sum 1 SENTRALADMINISTRASJON	14.594.900	14.554.900	14.514.900	14.554.900
2 SEKSJON KULTUR, SKULE OG B.H				
Utgifter	27.387.300	25.656.400	25.656.400	25.656.400
Inntekter	-3.128.000	-3.128.000	-3.128.000	-3.128.000
Sum 2 SEKSJON KULTUR, SKULE O	24.259.300	22.528.400	22.528.400	22.528.400
3 SEKSJON HELSE, SOSIAL OG BA				
Utgifter	27.474.000	27.486.200	27.486.200	27.486.200
Inntekter	-4.583.000	-4.595.200	-4.595.200	-4.595.200
Sum 3 SEKSJON HELSE, SOSIAL O	22.891.000	22.891.000	22.891.000	22.891.000
4 SEKSJON SOSIAL				
Utgifter	2.842.900	2.842.900	2.842.900	2.842.900
Inntekter	-154.700	-154.700	-154.700	-154.700
Sum 4 SEKSJON SOSIAL	2.688.200	2.688.200	2.688.200	2.688.200
6 SEKSJON TEKNISK				
Utgifter	11.480.700	10.382.900	10.382.900	10.382.900
Inntekter	-7.042.800	-7.342.800	-7.342.800	-7.342.800
Sum 6 SEKSJON TEKNISK	4.437.900	3.040.100	3.040.100	3.040.100
T O T A L T	68.871.300	65.702.600	65.662.600	65.702.600

Budsjettskjema 2 B – Investering

	2017	2018	2019	2020	2021
Prosjektleiar nybygg/rehab skule	500 000				
Vatn langs ny Føresvikveg	100 000				
Vassverk - utvida ramme	7 000 000				
Ny telefonsentralløysing	250 000				
Omsorgsbustader/sjukestove	39 050 000				
Ipad til skulen		600 000			
Finansiering					
Kapitalfond		-600 000			
tilskot til bustader	-10 625 000				
bruk av lån	-35 075 000				

Oversikt fond

	UB
25199001 BD. BUSTADTILSK. TIL ETABLERIN	-67 500
25199003 BD. NÆRING (KOMP.ARB)	-106 325
25199004 BD. BUSTADTILSK. TIL TILPASNIN	102 000
25199005 BD BOKN BYGDAMUSEUM	-35 455
25199006 BD TAP PÅ ETABLERING	-48 000
25199007 BD STARTLÅN	-334 339
25199008 BD VILTFOND	-27 620
25199009 BD.KAIA LARSEN KRO LEGAT	-66 736
25199012 BD TÅGANES KAI	-219 000
25199013 BD BÅTFORENINGA	-44 644
25199016 BD RETTSHJELP	-61 654
25199017 BD UNIVERSELL UTFORMING	-34 069
25199018 BD VATN	-158 440
25199019 BD AVLAUP	-394 596
25199020 BD FOLKEHELSE/FRISKLIV	-25 246
25399000 UK KAPITALFOND	-7 351 114
25399614 UK BRANNSIKR. UMLEIGEBUST.	-5 293
25399618 UK-9003 BRANNSIKRING BOKNATUN	-653 383
25399712 UK BRANNSIKRING UMLEIGEBUSTAD 900	-150 715
25399713 UK BARNEHAGE	-100 000
25399714 UK BRANNBIL 6000	-1 057 453
25699000 DISPOSISJONSFOND	-6 273 443
25699004 DF EDRUSKAP	-13 207
25699005 DF SJUKE/KOMPETANSEUTVIKLING	-16 064
25699006 DF NÆRINGSUTVIKLING	-7 316
25699008 DF NYDYR KING	-14 977
25699010 DF KULTURPRIS	-4 363
25699011 DF BYGDABOKFOND	-46 646
25699018 DF-9032 FØRESVIKVEGEN	-5 976 980
25699104 DF - MUSEUM	-129 356
25699105 DF - AKUB	-56 000
25699111 DF KULTURELL SKOLESEKK	-68 285
25699114 DF STARTLÅN	-90 506
25699118 DF-PRIV.VANNVERK	-50 000
25699121 DF SENIORPOL.TILTAK	-142 807
25699123 DF LEIKEPLASSER	-18 818
25699132 DF MINIBUSS	-75 000
25699135 DF REG.PLAN ØYREN	-40 280
25699136 DF GRUNNKART BOKN	-12 000
25699137 DF KYRKJEBYGD REHAB.	-54 654
25699138 DF TILTAK ARBEIDSLEDIGE	-180 154
25699139 DF TIL BARN OG UNGE	-19 017
25699140 DF AVSETNING TIL ORGEL	-200 000
25699142 DF KOMPETANSEMIDL.SENTRALADM	-100 000
25699143 DF MULIGHETSSTUDIE FØRESVIK	-300 000
25699146 DF DEN KULTURELLE SPASERSTOKK	-3 562
25699147 DF FRIVILLIGHETSFOND	-80 000
25699148 DF 6310 LYS TURSTI	-200 000
T O T A L T	-25 013 016

Noter til driftsrekneskapet:

Note 1. - Skatteinntekter,

Det er her lagt til grunn at skatteinntektene for Bokn kommune vil liggja på ca 85 % av landsgjennomsnittet ihht prognose.

Note 2.- Rammetilskot

I tillegg til ordinært rammetilskot får kommunen eit småkommunetilskot som utgjer ca. 2,7 mill pr. i 2018. Ordinært skjønnstilskot var 1.5 mill i 2017, og har auka til 1,7 mill i 2018. Rammetilskotet er utrekna vha. prognosemodellen, og er i samsvar med dei føresetningane som er gitt frå sentralt hald.

Note 3 - Utbytte

Utbytte gjeld renter av bankinnskot og aksjeutbytte frå Haugaland Kraft.

Note 4. - Bundne avsetningar og bruk av desse

Der er ikkje avsett til bundne fond i perioden og heller ikkje bruk av desse. I løpet av budsjettåret vil det vera aktuelt å bruke bunde fond til tilskot til næring og utlån av husbankmidler/etableringslån og ein vil då foreta nødvendige budsjettendringar.

Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen

Rammeområdet omfattar utgifter til politisk styring og kontroll, administrasjon og næring. I tillegg har sentraladministrasjonen innkjøp og koordinering av ein del varer og tenestar som vert fordelt på dei ulike tenestane etter forbruk.

Teneste 1000 Politisk styring

Kostnadene som er knytta til denne tenesta er godtgjering til folkevalde, utgifter til val, partistøtte, medlemsskap i politiske foreningar, annonsering og saksdokument. I tillegg er her også lagt inn kr. 800.000,- i "reserverte løyvingar" som kan nyttast til ekstraordinære utgifter som kan koma i budsjettåret. Ein reduksjon på 200.000,- frå tidlegare år. Godtgjersle for verv og møter er ikkje endra.

I tillegg har rådmannen redusert med kr. 100.000,- som har vore «frivillighetsfond» og 40.000,- som ordføraren har hatt til disposisjon for kompensasjon.

Teneste 1100 Kontroll og revisjon

Kontrollutvalet har lagt fram eit budsjettforslag på kr. 354.906. Kurs/reise er budsjettet med kr. 33.000. Kjøp av sekretæriattenesten er kr. 112.000 og revisjonstenestene er kr. 185.000. Kontrollutvalet sitt vedtak er lagt som vedlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg.

Teneste 1200 – 1203 Administrasjon

Tenesta skal omfatta alle administrasjonsutgifter som ikkje direkte kan relaterast til andre tenestar og som er felles for heile kommunen dvs. rådmann samt alle fellesfunksjonane slik som økonomi, personal, It og servicetorg.

Til sentraladministrasjonen ligg fylgjande oppgåver:

- Politisk sekretariat for kommunestyre, formannskap og forvaltningsstyre
- Leiing av kommunen, samordning av kommunale tenestar, intern og ekstern informasjon, overordna arbeid med lover/rutiner/reglementer og planar etc.
- Budsjett, lønsarbeid, rekneskap og fakturering
- Sentralbord, postbehandling, arkivering, kundemottak
- Utvikling og drift av datanettet, sikring av data, rutiner for IT sikkerhet.
- Administrering av innkjøpsavtalar
- Interkommunalt samarbeid
- Næringsarbeid
- Kommuneplan
- Folkehelsearbeid
- Kommunalt beredskapsarbeid

Servicetorget

Servicetorget skal yte 1.linjetenester slik som kundemottak, sentralbord og generell informasjon og har elles ansvaret for dei interne tenestane som omfattar postbehandling, arkiv, arbeid med tilrettelegging av politiske møter og møtepapirer etc., og felles innkjøp av kontormateriell o.l. Servicetorget skal også utføre merkantile oppgåver for seksjonane.

Innføring av ein ny versjon av saksbehandlingsprogrammet starta opp hausten 2017, målet er å bli fullelektronisk i 2018. Dette krev at ein må gå gjennom rutiner og arkivplan igjen, og

også intensivere opplæring av alle saksbehandlarar. Rydding i gammalt papirarkiv vert også ei prioritert oppgåve i året som kjem.

Stillingsramma for servicetorget er 1,6 årsverk. I tillegg er det ein 40% merkantil stilling ved skulekontoret som er organisert under rektor. Denne stillinga skal vera stedfortredar i servicetorget/sentraladministrasjonen i ferieavviklinga.

IT :

Den kommunale verksemda i dag er heilt avhengig av eit godt fungerande IT- system med gode nettverksforbindelsar både internt og eksternt. Også teletenestene blir i aukande grad digitaliserte. Bokn kommune har ein gammal telefonsentral som nå har to alvorlege utfordringar. For det første finst det ikkje lengre produksjon av reservedelar. P.t. er me avhengige av at lokal leverandør har brukte delar på lager. Dette har me fått melding om at berre vil gjelde for eit kortare tidsrom og at ved større feil kan skade på sentralen ikkje lenger reparerast. For det andre har sentralen avgrensa funksjonalitet i høve til ein beredskapssituasjon der ein må kunne opprette sentralbord på ein annan lokasjon eller ein å opprette telefonkøar for ulike typar anrop, t.d. pårørandetelefon m.m.

Ein har difor kartlagt ulike løysningar og vil prøve å modernisere og bygge eit telefonisystem som er oppdatert i høve til behova i dag og som lett kan byggjast ut for eventuelle nye behov. Me vel også å gå for ei løysing som enkelt kan integrerast med andre datasystem som kommunen brukar i dag. I budsjettet for 2017 blei det lagt inn kr. 250.000 til investering i nytt telefonisystem. Dette vil innebere ny telefonsentral, mobilt sentralbord og integrasjon mot Office 365 og Skype for Buisness som kommunen brukar i dag.

Oppgraderinga av telefonissystemet blei utsett til 2018. Kommunen har gjort nokre tiltak med tanke på å sikre eit stabilt driftsmiljø på den sentralen ein har og vil i 2018 fortsetje arbeidet med å førebu ei oppgradering. Grunna endra tilhøve mellom Microsoft og underleverandørar er det ikkje sikkert at den skisserte løysinga kan setjast i drift på same måte som tidlegare tenkt, derfor må saka utgreiast på ny. Dette har mellom anna samanheng med ei re-forhandling av telefoniavtale og ein ny aktør på bedriftsmarknaden innan telefoni.

Ulike IT- system frå ulike leverandør krev i aukande grad integrasjonar på tvers for at kommunen skal kunne løyse tenesteoppgåvene. Kommunen har installert fleire viktige integrasjonar mellom ulike fagsystem. Forutan integrasjonar er det sterkt fokus på IT-tryggleik på alle nivå i organisasjonar, kostnadane knytt til desse problemstillinga er ofte store, uavhengig av om ein er ein liten eller stor organisasjon. Kommunen har fått godkjenning av HelseCERT og systema våre blir regelmessig stresstesta frå utsida.

Integrasjonar og IT-tryggleik fordrar at ein held nettverk og serverpark oppdatert slik at oppetida for dei tilsette blir best mogeleg. Dette krev regelmessige oppdateringar og oppgraderingar. Me er godt i gang med å oppgradere operativsystem på klientar og virtuelle serverar i tillegg til utskiftingar av switchar m.m. i nettverket. Kommunene vil satse vidare på oppgraderingar av klientar og serverpark, men vil prioritere nettverk i 2018. Eit sterkt nettverk med høg opetid og stor kapasitet/ hastighet vil vere nødvendig sjølv om ein skulle bli med i eit større interkommunalt samarbeid. IT- avdelinga vel derfor å prioritere å styrke nettverket. Dette er særskilt viktig med tanke på nye satsingar på vasseverk, omsorgsbustadar med velferdsteknologi og ei eventuell satsing på skule i nær framtid.

Kommunen har i 2017 oppgradert arkivsystema. Ein har i tillegg inngått samarbeid med Karmøy kommune om drift av arkivsystem for sakshandsaming innanfor teknisk.

I november 2017 tok kommunen i bruk KS- tenesta SvarUT/ SvarInn for elektronisk kommunikasjon via Altinn med innbyggjarar og næringsliv. Denne teensta vil bli utvida i løpet av 2018 til å omfatte fleire tenester. Dette er eit ledd i arbeidet med digitalisering. Kommunen har her gjort det største løftet hausten 2017.

Kommunen har stort sett hatt ein stabil driftssituasjon dei siste åra, men i periodar har straumbrot ført til problem. Me har i løpet av dette året sikra oss betre med batteribackup på

fleire system, men vil utvide dette endå meir. I 2018 vil det som del av prosjekt med bygging av nye omsorgsboligar bli installert automatisk generatordrift ved struambrot. Dette vil sikre kritisk infrastruktur og førebygge problem med nedetid på IT- systema, inkludert velferdsteknologi.

For skule og barnehage er bruka av nettbrett og digitale tavler prioritert. Som ei eiga sak til kommunestyret vil det bli fremja framlegg om oppgradering av trådløst nett, oppgradering av nettverk, nye projektorar og innføring av iPad 1 til 1 for elevane.

For helse og administrasjon er det i hovudsak programvare og datamaskinar som blir prioritert høgast.

Framlegg til IT budsjett inneber også gradvis utskifting av eldre materiell.

Kommunane på Haugalandet har starta opp eit arbeid med å etablere eit interkommunalt IT selskap som skal ha ansvar for all IT-drift i kommunane på Haugalandet. Prosjektarbeidet vil koste Bokn kr. 75.000,- og dette er lagt inn i budsjettet for 2018.

Økonomiavdelinga

Har i budsjettet prisjustert kostnadsnivå frå 2017.

Hovudoppgåvene i avdelinga er rekneskapsføring, løn, fakturering, e-Handel, budsjett, innkjøpsavtalar, personalpolitikk og HMS. Skatteoppkrevjarfunksjonen vert ivaratatt av Haugesund kommune.

Avdelinga har det overordna ansvar for at sentrale lovar og reglar innan rekneskap/økonomiforvaltning og løn/arbeidsforhold/HMS vert ivaretatt, og utarbeide/revidere lokale reglement og retningslinjer innfor desse områdene. Utover dei faste oppgåvene har avdelinga fokus på å gi service til seksjonane og hjelpe til med rapporteringar, statistikkar, berekningar etc. der det er behov.

Avdelinga har ansvaret for dei fleste av dei sentrale dataprogramma som er i bruk og har dei sentrale databasane som skal samhandle med andre fagprogram. I samarbeid med seksjonane har avdelinga innført og integrert nyttige IKT-verktøy med gode og sikre rutiner, og som vil føre til meir effektiv bruk av ressursar ute i driftseiningane

Samarbeid med andre kommunar er svært viktig innfor fagområdene økonomi og lønn/personal. Små og mellomstore kommunar har normalt enkeltpersonar i desse funksjonane og manglar fagmiljø i eigen kommune. Kommunane på Haugalandet og i Rogaland har brukarforum for Unique program, kor fokus er å dele kunnskap. I tillegg har økonomisjefane eit tett samarbeid, og dette gir eit godt fagmiljø som sikrar at kvaliteten i økonomiarbeidet i kommunane er god og samordna i Haugalandskommunane. Personalansvarlege i dei små og mellomstore kommunane i distriktet har også eit nært fagleg samarbeid.

Unique sine løn-, faktura og økonomiprogram har vore eit driftsikkert verktøy som har god funksjonalitet. Drifta av programma inkl. server er lokalisert til Sykkylven kor vi i 4K (Bokn, Finnøy, Forsand og Utsira) har driftsavtale med eit lokalt firma. Dette samarbeidet starta opp i 2005. Leverandøren gir ein «sky-teneste» kor vi kun kjøper lisensar for den enkelte brukar, og leverandøren har programvaren på sitt tekniske utstyr. Denne løysinga gir kommunane stor fleksibilitet mhp. eventuelle endringar i drift pga kommunestrukturdebatten, og kostnaden for kommunen er også blitt lågare sidan vi ikkje lengre treng å investere i eigne serverar, men utnyttar stordriftsfordelene på ein god måte. Drifta er fortsatt imponerende god, med oppetid, gode timepriser for arbeid, god teknisk kompetanse og service.

Utgiftene til vedlikehald og driftsavtalar for dei dataprogramma vi har innan økonomi, fakturering, fakturascanning og lønn/personal er budsjettert til kr. 400.000. Totale kostnader for alle driftsavtalane for dataprogram i kommunen er på ca kr.1.600.000,- i året.

Personal/HMS

I budsjettet for 2018 har vi videreført same drift som tidlegare. Sentraladministrasjonen har ansvar for at det vert gjennomført arbeids-helse undersøkinge ihht lovverket, og at det vert gitt nødvendig opplæring i HMS arbeid for leiarar, tillitsvalgte og verneombud. Kommunen har eit samarbeid med SOS International og det vert utarbeidd eigne handlingsplanar for den enkelte seksjon som også budsjetterer inn konkrete HMS tiltak etter behov.

Innafor personaltenesten har vi som tidlegare budsjettert med utgifter til gratiale, HMS arbeid og velferdstilbod til dei tilsette og kostnadene til SOS international som er på ca 200.000,-. I tillegg har vi som tidlegare budsjettert med kr. 160.000 pr. år for seniorpolitiske tiltak ihht, vedtatt plan for seniorpolitikk.

Kompetansemidler på kr. 200.000,- er tatt ut av budsjettet. Seksjonane utarbeidar eigne kompetanseplanar ut frå midler i eige budsjett.

AMU har for 2018 planlagt normal drift med 4 årlege møter. Målet er fortsatt å få opp aktiviteten på alle områder som gjeld helse, arbeidsmiljø og sikkerhet. Kommunen har utarbeidd mange gode rutiner og retningslinjer for dette arbeidet. Fokuset på oppfølging av sjukemeldte vil fortsetja, men meir med fokus på nærvær, kva som er dei viktige faktorane til at det er kjekt å gå på jobb. Vi bruker også elektronisk registrering og behandling av alle avvik innan HMS. Kommunen har eit elektronisk kvalitetssystem som omfattar både HMS og kvalitet i tenestane.

Teneste 1300 Administrasjonslokaler

Boknatun er 100% eigd av kommunen og vi leiger ut lokalene NAV, fysioterapeut og frisør.

Utgiftene på teneste 1300 er ca 30% av kostnadene for vaktmestertenesta, reinhald, straum, vedlikehald o.a. liknande kostnader som gjeld Boknatun. Sidan Boknatun er eit kombinasjonsbygg har vi anslått at ca 30% er den andelen av bygget som vert brukt til administrasjonsbygg inkl. utleigelokaler.

Teneste 1800 Diverse fellestenestar

Tenesta inneheld utgifter til forsyningsnemnda, sivilforsvaret, eldreråd og forliksrådet. Her budsjetterer vi også pensjonsavvik, denne er lagt inn på same nivå som tidlegare med 500.000. Dei øvrige tenestane er også budsjettert med same prisjusterte nivå som i 2017.

Teneste 2330 Førebyggande (Folkehelse)

Tenesta er videreført på same nivå som i 2017.

Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand til næringslivet

Bokn kommune har eit sterkt fokus på næringsutvikling både lokalt og regionalt og ser det som viktig at det både blir skapt arbeidsplassar lokalt i kommunen og regionalt i det felles busetting- og arbeidsmarknaden vi har i Haugesundregionen. Sjølv om det no er enkelt å pendle inn og ut av kommunen ser ein nær samanheng mellom etablering av lokale arbeidsplassar og auka busetting og vekst i kommunen.

Bokn kommune sitt næringsapparat består av samfunns- og utviklingssjef Anne E. Askeland, ordfører og rådmann. Kommunen er ikkje lenger ein del av næringsapparatet til Haugaland Vekst IKS, men næringslivet vil kunne nytte tenester frå Haugaland Vekst.

Det kommunale næringfondet er ikkje tilført nye midlar dei siste åra. Pga den økonomiske situasjonen har ein heller ikkje funne rum for styrking av næringfondet i 2018. Sjølv om beløpa som har vore tildelt frå fondet har vore små, har det vore viktige tilskott - både for dei etablerte verksemdene og nyetablerarar.

Ein har lagt fylgjande hovudmålsetting til grunn for det vidare næringsarbeidet:

"Næringsutviklingsarbeidet i Bokn skal leggja til rette for å bevare og å vidareutvikla eksisterande næringsliv og leggja til rette for nye næringsetableringar i kommunen.

Bokn vil spela ein aktiv rolle i regionalt næringsarbeid gjennom deltaking i Haugaland Vekst IKS, Haugaland Kraft a.s og Destinasjon Haugesund og Haugalandet."

Arbeidsplasser på Kårstøanlegget og næringsparken på Gismarvik vil vere viktige for Bokn i framtida. Men ein ser det òg som viktig at det blir lagd til rette for å bevare dei verksemdene som er etablert i Bokn. I kommunane sin eigarstrategi i forhold til Haugaland Kraft as har ein vedtatt at Haugaland Næringspark på Gismarvik skal tas ut av Haugaland Kraft as. Eit aktuelt alternativ er at kommunane i framtida står som direkte eigar av næringsparken med ansvar for markedsføring og sal næringsområda.

Det kommunale næringsområdet i Knarholmen er i det store seld. Kommunen har i kommuneplanen sett av store areal sør for Knarholmen og vidare sørover mot Arsvågen. Dette er område som er aktuelle å utvikle til næringsområder i samband med etableringen av Rogfast og bruk av tunellmassar.

Arbeidet med utarbeiding av ein områdeplan er starta opp, og Statens Vegvesen har førebels trukke si motsegn mot områdeplanreguleringa då kommunen har akseptert at det skal leggjast inn ein trasee for ein mogleg ny 4-feltsveg i området. Det er eit mål at områdeplanen skal kunne leggjast fram for godkjenning i løpet i 2018.

Rogfastprosjektet vil bli starta opp i 2018 og vere ferdig i 2025. Prosjektet vil kunne få stor betydning for busetting og næringsutvikling i Bokn kommune. Mellom anna som følgje av at reiseavstand til Stavanger blir redusert frå 1 til ½ time og kommunen har store ubebygde område både for bustadbygging og næringsetableringar som det er stor mangel på i Sør-Rogaland.

Teneste 3251 Landbruk

Frå 1. januar 2018 er det inngått avtale om felles landbrukskontor med Karmøy kommune. Årleg kostnad er videreført med kr. 250.000,-. Det er i tillegg sett av kr. 10.000,- til Forsøksringen og kr. 25.000,- til Tveit vidaregåande. Tilskot til private (melkekvote ol.) med 40.000,- er tatt ut av budsjettet.

Teneste 3900, 3930 Den norske kyrkja og kyrkjegard

Kommunane har nå ansvar for alle kostnadene vedrørande drift av kyrkje og kyrkjegard. Overføringa på kr.954.100 for 2018 er på same nivå som i 2017, dvs.ei prisjustert auke på 2,6%. For drift av kyrkjegarden er det budsjettet med kr.134.400, inkl kr. 20.000 for klypping av trær.

Av overføringa vert ca kr. 110.000,- ført tilbake til kommunen som refusjon for administrative og tekniske tenester bl.a. kjøring av løn, føring av rekneskap, telefon, klipp og vedlikehald av kyrkjegard etc.

Når det gjeld ekstraordinært vedlikehald av kyrkja, vart den gamle planen for vedlikehald berre delvis gjennomført og kyrkja har forsatt eit vedlikehaldsfond. Det er lagt inn avsetning til orgel på kr. 50.000 årleg i planperioden.

Teneste 3920 Andre religiøse formål

I Bokn bur det nå 56 personar som høyrer til andre livssynssamfunn enn den norske kyrkja. «Tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke (Dnk) kan i medhold av henholdsvis lov om trdomssamfunn og ymist anna (trossamfunnsloven) og lov om tilskott til livssynssamfunn kreve årlige tilskudd per medlem fra kommunene der det bor tilskuddstellende medlemmer. Tilskuddet skal være av en slik størrelse at det om lag tilsvarer kommunens budsjetterte utgifter til Dnk per medlem.» I budsjettet for 2018 er det lagt inn 64.400,- i tilskudd .

Diverse andre tenester.

Beredskapsarbeidet i kommunen er også lagt til sentraladministrasjonen i kommunen. Kommunens kontaktperson mot Fylkesmannen sin beredskapsavdeling og ansvarleg for kommunale beredskapsplaner slutter i stillinga si i løpet av 2017. Rådmannen har ikkje teke stilling til den framtidige organiseringa av dette viktige arbeidet vidare i 2018, men vil se på fleire moglegheiter – både gjennom intern omfordeling av oppgåver og eventuelt samarbeid med nabokommune.

Sentraladministrasjonen har også ansvar for innkjøp av varer og tenester som vert fordelt på alle andre tenester. Utgiftene gjeld bl.a. telefon, rekvisita, data, forsikring og liknande. Totalt utgjer dette ca 5.mill. av rammeområdet sitt budsjett. Desse kostnadene vert fordelt på dei ulike tenestane ved årsavslutninga av rekneskapet.

Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage

Seksjonen omfattar:

Barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, pedagogisk psykologisk teneste (Karmøy PPT), Kultur, kunstformidling, barne og ungdomsarbeid, idrett og friluftsliv, museum, bibliotek, musikk og kulturskule og Bokn Arena.

Netto budsjettamme

Netto driftsramme for 2018 er på kr 24 259.300,-. Ramma er redusert som fylgje av forslag om auka grad av samanslåing av klassar.

Hovudprioriteringar og oppsummering

Generelt:

På grunn av stramme økonomiske rammer, har ein bare i liten grad funne rom for seksjonen sine ynskjer om midlar til nye tiltak og investeringar. Fyrst og fremst er det lagt vekt på å redusere kostnadsnivået i seksjonen for å klare og halde budsjettamma for 2018. Det vart i 2015 gjort organisatoriske endringar i skulen, samt stillingsreduksjonar i både skule og barnehage og dette har hatt god økonomisk effekt. Det er likevel behov for å redusere drifta grunna bortfall av refusjon frå Rogaland fylkeskommune (pga gjesteelevar frå Bokn bufellesskap) gjeldande frå 2018.

Rådmannen har forslag om å auke grad av sammenslåing av klasser for å effektivisera drifta på skulen.

Skulen

Skulebudsjettet for 2018 er justert for å tilpasse drift og spesialpedagogiske tiltak til nye elevar utan å auke ramma. Skulen har grundig kartlagt behov for bemanning, og redusert stillingar ved naturleg avgang i 2015 og 2016. Det er no samsvar mellom oppgåver og økonomiske rammer. Då Rogaland fylkeskommune som venta sa opp avtale med Bokn kommune om gjesteelevar frå Bokn bufellesskap, har skulen kr 1 500 000,- mindre i inntekter enn føregåande år.

Det er framleis naudsynt med oppgradering av den gamle delen av skulen og det vil bli sett i gong eit utgreiing i høve til om skulen skal oppgraderast eller byggast ny i løpet av 2017/2018.

Bokn kommune har hatt ein avtale om kjøp av PP tenester frå Karmøy kommune sidan 2015. Avtalen med Karmøy vil ha ei årleg kostnad for Bokn kommune på ca. kr. 420.000,-.

Leksehjelpa vart frå hausten 2015 endra frå å gjelde for 1.-4. klasse og samdrift med SFO, til å gjelde for 5.-8. klasse. Dette har fungert godt og vert vidareført. Ordninga vert driven av fagarbeidar og er ikkje ein del av det pedagogiske tilbodet. Då leksehjelp er eit frivillig tilbod er det ikkje krav til busstransport frå kommunen, og det er ikkje funne rom i budsjettet for å sette dette inn. Det har heller ikkje vore ei utfordring for mange at det ikkje er eiga transport.

Barnehagen

Det er lagt opp til tilsvarende drift i 2018 som for 2017. Ved oppstart av barnehageåret hausten 2017 hadde 33 barn plass i barnehagen, men det er venta ei viss auke gjennom løpande opptak. Drifta fortsett på eit tilpassa nivå i høve til barnehageplassar. Ved oppstart av barnehageåret 2015 vart 3 avdelingar redusert til 2, noko som gjer drifta meir effektiv i bruk av personal. For dei neste åra vil det vere trong for auka kostnader til nye spesialpedagogiske tiltak.

Barnehagen har tidlegare hatt stor utfordring når det gjeld areal. Ei ny avdeling sto ferdig til bruk hausten 2014. Drifta aukar med straum, reinhald og forsikring medan tal på tilsette er redusert på grunn av nedgang i plassar. Utbygginga synes å kunne dekkja kommunen sitt behov for barnehageplassar i mange år framover. Lågt fødselstal dei siste åra gjer at kommunen no har overskot på barnehageplassar. Barnehage tilbyr plassar til born i nabokommunar, men tek omsyn til bemanning ved tildeling av plass.

SFO

Aktiviteten ved SFO er fortsatt høg. Samanlikna med andre kommunar er det svært mange av barna på småskulen som nyttar seg av tilbodet.

Bibliotek

Aktiviteten ved Bokn bibliotek er høg, blant dei høgaste både regionalt og nasjonalt. Skulebiblioteket vart styrka hausten 2014, og gjort fast frå 2015. God bruk av skulebiblioteket er eit godt tiltak til å redusere bruk av spesialpedagogiske tiltak ved å ha fokus på lesing. For 2018 vil det vere eit særleg fokus på å tilrettelegge for bruk av biblioteket som kulturformidlar og møteplass.

Kultur

Bygging av Bokn Fleirbrukshall vart fullført i oktober 2016 har såleis lagt grunnlag for stort fokus på idrett og anna aktivitet i kommunen. Kommunal delplan for Idrett og fysisk aktivitet vart rullert i 2015.

Musikk- og kulturskule

Aktiviteten oppretthaldast på same nivå som i 2017. I 2016 vart det starta barnekor som vert vidareført om det er nok interesse for det. Dette er sjølvfinansierande. Det er behov for ei oppgradering av musikkinstrumenter då det her er høg slitasje. Det er ikkje funne rom for dette i budsjett for 2018 utover utgifter til ordinær utskifting.

Kompetanseoppbygging

Utgifter til kompetansebygging for seksjonane er budsjettert samla sentralt under rammeområde 1 med kr. 200.000,-. Seksjonen har generelt god kompetanse, med godt kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar. Det er minimalt med midlar til kompetanseheving/kurs elles i seksjonen. Reglane for kompetanseheving for lærarar er no endra slik at staten tar 50 % av kostnaden, kommunen 25 % og den enkelte lærar 25 %. Dette gir ein betre finansiering for kommunane enn den tidlegare modellen, mens den er blitt 5 % dyrare for læraren. Det er skuleåret 2017/2018 2 lærarar som tek vidareutdanning etter modell med vikarordning. Skulen kartla i 2016 behov for vidareutdanning etter nye krav om undervisningskompetanse og laga ein kompetanseplan for dei neste 9 åra. Rådmannen rår til at det vert lagt til rette for 1-2 vidareutdanningar pr år innanfor kursbudsjettet.

Eigenbetaling

Rådmannen har gjort framlegg om endringar i betalingssatsane for musikkskolen og SFO som fylgje av auke i løns- og pensjonskostnader. For musikkskulen og SFO er det framlegg om auke i satsane med ca 2,5%.

Barnehagesatsane fylgjer staten sine maksimalsatsar. Det vart i 2015 innført ei ordning for redusert barnehagebetaling. Familiar med bruttoinntekt som er lågare enn kr 500.500,- kan søke redusert foreldrebetaling, og satsen skal då vere maks 6 % av brutto inntekt. Det vart og innført gratis kjernetid for 4- og 5-åringar, frå 2016 auka til og å gjelde for 3 åringer. Frå 1. august 2015 har barn som bor i hushaldningar med låg inntekt rett til å få 20 timer gratis opphaldstid i barnehage per uke. Frå 1. august 2017 er denne inntektsgrensa satt til 450 000 kroner. Det er få familiar i Bokn som har søkt ordninga.

Sjukefråvere

Sjukefråveret i 1 - 3 kvartal 2017 for seksjonen har vore på 6,9 %. Dette er tilsvarande 2016 som var 6,8%. Både skulen og barnehagen har hatt høgare grad av langtidssjukmelde, i tillegg til mindre korttidsfråver. Skulen har i perioden hatt frávær på 3,8%, medan barnehagen har hatt 11,1%.

Når det gjeld barnehagen får få tilsette sitt frávær store utslag i statistikken. Både einskilde lange frávær samt periodevis korte frávær viser godt igjen, men det er ikkje rapportert om arbeidsrelatert frávær. Det same gjeld for reinhald. Bedriftshelsetenesta blir brukt aktivt når det er hensiktsmessig og ein arbeidar med tett oppfølging av dei sjukemeldte slik føringane frå NAV seier.

Det vert i heile seksjonen satsa på å førebyggja sjukefrávær med å legge til rette arbeidskvardagen til den einskilde, samt å søke om tilretteleggingstilskot frå NAV.

Opplæringsplan

Opplæringsplanen for seksjonen er innarbeidd i den samla opplæringsplanen for Bokn. Denne planen vil bli rullert årleg.

Tenestene 2020 Bokn skule, 2130 Vaksenopplæring, 2220 Bokn skulebygg, 2221 Bokn skule, skyss

Budsjettmål:

- Bokn skule skal jobba for å gi elevane ei best mogleg undervisning tilpassa evner og føresetnader hos den enkelte. Me skal vera ein arena for utvikling.
- Bokn skule skal vera ein kulturell møteplass forankra i vår lokale og nasjonale kulturarv og tradisjonar.
- Bokn skule skal utvikla elevar som tek ansvar og gi rett til medverking.
- Bokn skule skal vera ein god arbeidsplass for alle tilsette. Me skal ha fokus på nærvær.
- Bokn skule skal arbeida for eit godt samarbeid med heimen og andre eksterne samarbeidspartar.

Stillingsramme

Skulen har dei siste åra ikkje hatt eit eintydig stillingsvedtak. I staden har ein ved planlegging av nytt skuleår i august søkt å tilpasse talet på stillingar til budsjettet og dei oppgåvene som skal løysast. Etter effektiviseringstiltak og omorganiseringar siste åra fungerer dette nå godt, og det er god samsvar mellom oppgåver og økonomiske rammer. Det er stort fokus på at spesialundervisninga må organiserast på ein effektiv måte, og det må tas sikte på å behalda ordninga med samdrift av klassane. Dette har vore ei grei ordning så lenge dei fleste klassane har vært svært små. Det er ikkje ei grei ordning når klassane ligg over "fådeltgrensa". Det er likevel nokre klassar dette kan gjennomførast i i einskilde fag. Samdrift vil frå 2018 vere aktuelt i alle fag der det er fagleg forsvarlegt. Elevtalet har dei siste åra

auka, men ein ser nå ei reduksjon og at prognosen for dei neste 5 åra er ytterlegare vesentleg reduksjon. Skulen har pr august 2017 111 elevar. Kjennskap til tal på barn i barnehagen, gjer at ein må planlegge langsiktig for skulen då det er venta klassar med låge barnetal om få år. Ein har på denne bakgrunnen gjennomført eit arbeid som har gitt oversikt over "minimumsbemanning" ved skulen. Oversikta viser kor mange stillingar ein treng som eit minimum for å kunne oppretthalde fulldelt skule og dei lovpålagte oppgåvene utanom spesialundervisning og styrkingstiltak, samt gjer oss eit betre styringsverktøy. I budsjett for skulen ligg ressursar til 26,00 stillingar fordelt på 17,27 lærarstillingar, 2 miljøterapeutar, 5,23 (1 lærling) assistentstillingar samt 1,5 administrative ressursar inkl rektor (3 av lærarstillingane går ut 31.07.18).

Skulebudsjettet for 2018 er tilpassa dagens drift og spesialpedagogiske tiltak.

Då kommunane betalar for eigne elevar som av ulike grunnar går på skular i andre kommunar, er det lagt inn ein refusjon på 550 000,- medan det er og teke omsyn til kostnad på 150 000,- som Bokn skal refundera. Difor er budsjett knytt til kjøp av tenester til andre kommunar auka frå 400 000,- til 550 000,-. Dette omfattar då avtalen med Karmøy PPT og kostnad til annan kommune.

Eit viktig hovudfokus for skulen i 2017 og framover blir å jobba for eit betre psykososialt miljø. Dette er eit viktig og stort behov. I 2018 er det lagt inn ressursar til trivselsleiar som har vore eit svært nyttig tiltak. Kostnaden pr år er ca 20 000,-.

Hausten 2017 har foreldra jobba dugnad på uteområdet på skulen. Dette er ein jobb både FAU og skulen ønskjer å halda fram med. Det er ønskjeleg at arbeidet med oppgradering av uteområdet vert prioritert framover.

Bygg

Mange rom treng fornying og oppfrisking, og det er fleire stader lekkasje og lekkasjeskader. Forslag til renovering vert teke inn i budsjett for seksjon Teknisk og sett i samanheng med utgreiing av Bokn skule.

PPT- og logopedavtale

Det vart inngått avtale med med Karmøy kommune om PP tenester og logoped. Avtalen starta frå 1. januar 2015. Kostnaden med denne avtalen (50% stilling) er ca. 420.000,- , ei auke med 10 000,- grunna lønsjustering.

Vaksenopplæring

Dei siste åra har det vore ei sterk reduksjon i elevar som har rett og plikt til norskundervisning. Det har årleg vore vurdert å inngå samarbeid med nabokommunar som alternativ til eige teneste. For skuleåret 2016/2017 var det få (3) elevar med rett og plikt til opplæring. Det vart i ved skulestart i 2016 inngått samarbeid med Haugesund kommune om kjøp av plassar ved Breidablikk læringssenter. Sjølv om elevane får 30 min ekstra reiseveg, får dei og eit meir fleksibelt tilbod då dei kan velje omfang av undervisning samt kva dagar dei ynskjer å gå i tillegg til å tilpassa om dei ynskjer dag- eller kveldstilbod. Når det er så få elevar er det for Bokn kommune og eit meir økonomisk tilbod då det vert betalt pr elev i motsetnad til å ha ei eiga 30% stilling. Dette vil halde fram i 2018.

Tilskotet Bokn kommune får for opplæring blir gitt til kommunen i løpet av dei fem åra deltakarar med rett eller plikt har til å gjennomføre opplæringa. Om kommunen ikkje får busett fleire med rett/ plikt til norskopplæring vil dette tilskotet gradvis falle vekk. Kommunen

får tilskott sjølv om opplæringa skjer i ein annan kommune. Dei siste åra har Bokn fått ca kr. 550 000,- i tilskot pr år, medan det sidan 2015 vart berekna til ca kr. 200 000,- grunna få personar som utløyser tilskot. For 2018 som i 2017 vil det og bli lagt grunn ca kr. 200 000,- då elevtalet ikkje har auka. Dei som har rett til norskopplæring vil bli prioritert, medan andre kan søke opptak mot studieavgift jf. tidlegare politisk vedtak.

Skyss

Gjeld den vanlege skuleskyssen med 2 bussar til og frå skulen, inklusiv midtskyss og køyring til symjing i Åksdal. Kommunen betaler billettpris for den vanlege skuleskyssen med unnatak av badeskyssen og om lag 10 km av ruta på Vestre Bokn. Her betaler kommunen alle utgiftene. Badeskyssen blir no utført med "kommunebussen" då skulen har tilsette med sertifikat for buss, og innsparringa er rekna til ca kr. 20.000,- i året.

Tenestene 2010 Bokn barnehage, 2110 Styrking av barnehagetilbodet, 2210 Bokn barnehagebygg

Budsjettmål:

- Bokn barnehage skal gje barna gode oppvekst- og utviklingsmoglegheiter i nært samarbeid med barna sin heim.
- Bokn barnehage skal gi barna grunnleggjande danning i kristen og humanistisk tradisjon.
- Bokn barnehage skal fremje utforskartrang og skaparglede.
- Bokn barnehage skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barnet sin eigenverdi.
- Bokn barnehage skal være ein god arbeidsplass for dei tilsette.

Stillingsramme

Etter forskriftene til barnehagelova skal det være minimum éin pedagogisk leiar per 14-18 barn når barna er over tre år og éin pedagogisk leiar per 7-9 barn når barna er under tre år og barnas daglege opphaldstid er over seks timar. Det skal vere 1 vaksen pr 6 barn når barna er over tre år, og 1 vaksen pr 3 barn når barna er under tre år. Med fast bemanning på 8, 89 stillingar og 33 barn ved oppstart i august 2017, er det venta noko auke frå 2017. 6 barn har redusert plass. Det er i bemanninga lagt til grunn 100% stilling til styrkingstiltak grunna vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Fødselstala dei siste åra har vore låge, medan det i 2015 vart født 12 barn. I 2016 var det 4 fødslar, medan det i 2017 er venta 2. Reduksjon i barnetalet vil kunne føra til redusert bemanning og drift i barnehagen på sikt og vert vurdert forløpande. Barnehagen har framleis overskot på barnehageplassar.

Barnehagen har framleis 2 avdelingar, men nyttar lokala slik at dei største barna er delt i 2 grupper. 2 og 3 åringane er i det gamle bygget, medan 4 og 5 åringane er i det nye bygget.

Rådmannen får fullmakt til å justere grunnbemanninga i barnehagen i samsvar med stillingskriteriene i forskrift til barnehageloven. Det er ein føresetnad for å kunne ta i bruk nye stillingar at det er budsjettdekning.

HMS-tiltak.

Som fylgje av utbygging vart barnehagen i 2015 godkjent i høve til miljøretta helsevern.

Bygg

Ombygginga av Bokn barnehage sto ferdig hausten 2013. Bokn kommune vil med denne utbygginga dekke behovet for barnehageplassar mange år framover. Dersom det seinare blir aktuelt å bygge ny skule vil areala kunne nyttast som areal til småskulen.

Midlar til drift av barnehagen utover lønnsmidlar

Når det gjeld frie midlar til drift av barnehagen (utover lønnsmidlar) kan det sjå ut som om dette ligg under det som er vanleg for samanliknbare barnehagar. Med utgangspunkt i den økonomiske situasjonen er det i budsjettet for 2018 lagt opp til minimal auke i frie midlar. Leker og utstyr må jamnleg oppgraderast grunna slitasje.

Det vart i 2016 løyvd 50 000,- til oppgradering av uteområdet. Det er trong for ytterlegare omlag 100 000,- for å gjere nødvendig oppgradering, dette er ikkje lagt inn i budsjettet for 2018.

Teneste 2150 Skulefritidsordninga

Stillingsramme

Det er fire tilsette ved SFO i til saman 162 % stilling. Då dei same tilsette og har stillingar i skulen vert det ved behov auka ressurs ved SFO ved intern forskyvning.

Satsar

Bokn ligg framleis noko høgt når det gjeld betalingssatsar om ein samanliknar med andre kommunar. Samtidig er kommunen sine nettodriftsutgifter pr. innbyggjar relativt høge samanlikna med andre kommunar. Satsane vert justert med 2,5%.

Teneste 3700 Bibliotek

Budsjettmål:

- Bokn bibliotek skal vera ein uavhengig møteplass for alle.
- Bokn bibliotek skal vera eit godt skulebibliotek med aktiv formidling.
- Bokn bibliotek skal i sine tilbod leggja vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.
- Bokn bibliotek skal vera ein kulturell arena for aktiv formidling av kunst og kultur.
- Bokn bibliotek skal ta del i interkommunalt samarbeid

Stillingsramme

For 2018 er stillingsramma for skule- og folkebiblioteket 97%, fordelt på 29% på skulebiblioteket og 60% på folkebiblioteket. Biblioteket vil halde fram med ope 2 ettermiddagar i veka. Skulebiblioteket er særleg viktig med omsyn til tidleg innsats og auke leseevner for på sikt å redusere kostnader til spesialundervisning.

Biblioteksdrifta for 2018 har lite endring frå drifta 2017, men det vil vere eit auka fokus på kulturformidling og arrangement for ulike brukargrupper.

Tenestene 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus, 3350 Parkar, plassar og torg, 3730 Kino, 3750 Museum, 3770 Kunstformidling, 3850 Andre kulturaktivitetar

Budsjettmål:

- Skapa meiningsfulle fritidsaktivitetar for barn og unge.
- Ta vare på museumsgjenstandane i Bokn til evig tid på ein god måte.
- Sikra at alle innbyggjarane i Bokn får tilbod om trivselsfremjande arrangement og aktivitetar.
- Digitalisera og tilgjengeleggjera gamle foto på dei kommunale nettsidene.
- Sikra at kommunen er god på informasjon til innbyggjarane.

Aktivitetstilbod barn og unge, Kyrkjebygd aktivitetshus

Hausten 2014 vart kjellaren totalrenovert i samarbeid mellom lokale bedrifter, kommunen og utstrakt dugnadsarbeid. Ungdomsklubben Petra har fått flotte lokalar som vil bidra til at ungdommane i Bokn har fått en god møteplass til bruk i åra framover. Det vil og bli arbeid med å auke aktivitetet for ungdom opp til 25 år i lokala. Det vart frå 1. Juli 2017 lagt opp til av frivillige kan drifte aktiviteten, og det er no foreldre som bistår med drifta..

Parkar, plassar og torg

Det er sett opp 50.000 til vedlikehald fordelt på alle leikeplassane. Det er elles sett av 15.000 som før til dei 3 velforeiningane.

Kino

Kinodrifta er vidareført på same nivå som ein har hatt i 2017.

Museum

Det er sett opp 25.000 for 2018 som inneverande år. Det er uheldig at kommunen ikkje har ei fast ordning med guide når museet har besøk. Det har både med service overfor besøkande og tryggleik for samlinga å gjere. Det er kjøpt inn utstyr til å sikre rett fuktigheit i museumsbygget, etter kritikk frå sentralt museumsfagleg hald. Dersom det igjen kjem eit aktivt lokalt styre for museet, bør det føre til meir langsiktige planar for museet, både for bygningar og gjenstandar.

Kunstformidling

Det er sett av 20.000,- for tilskot til arrangement.

Andre kulturaktiviteta

Aktivitetsnivået vert oppretthaldt. Mellom anna ligg drøye 150.000 som fordelast til lag- og foreiningar i budsjettet for 2018.

Teneste 3810 Kommunale idrettsbygg/anlegg

Drifta av Bokn Arena må evaluerast i løpet av 2018.

Teneste 3830 Musikk og kulturskular

Satsar

Rådmannen gjer framlegg om ein auke i satsane for musikkskulen på ca 2,5%.

Utstyret til musikkskulen treng jamleg vedlikehald og reperaturar. I rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 er det ikkje funne rom for auke utover ordinært budsjett til utstyr. Lønsbudsjett er justert i høve til drift.

Rammeområde 3 – Seksjon helse, pleie og omsorg

Seksjonen omfattar:

Legekontor, helsestasjon med skulehelseteneste, jordmor, fysioterapeut, psykisk helseteneste og førebygging, sjukestove, heimetenester og bu- og aktivitet.

Netto budsjetttramme.

Netto driftsramme for 2018 er på kr. 25 976 800,-. Budsjettet er hovudsakleg likt 2017 budsjettet, med ei deflatorauke på 2%.

Hovudprioriteringar og oppsummering

Generelt:

På grunn av den økonomiske situasjonen i Bokn kommune har rådmannen ikkje funne grunnlag for å legge inn noen nye tiltak i seksjonen i 2017. Driftspostar er halde på eit lågt nivå for å kunne ha ei effektiv og forsvarleg drift.

Med samhandlingsreforma vil regjeringa sikre eit bærekraftig, heilskapleg og samanhengande tenestetilbod av god kvalitet tilpassa den enkelte brukar. Det skal leggjast auka vekt på helsefremmande og førebyggjande arbeid, på habilitering og rehabilitering, på auka brukarmedverknad, på behandlingssløp og forpliktande samarbeidsavtalar mellom kommunar og sjukehus.

Samhandlingsreforma er ein retningsreform som legg grunnlaget for endringar i kommunal sektor. Reforma si målsetting er å sikre meir koordinerte helse- og omsorgstenestar og ein større innsats for å førebyggja og avgrensa sjukdom.

Kommunestyrevedtak av desember 2015 starta arbeidet med utbygging av inntil 15 tilrettelagde bustader for eldre/dementer og andre med særskilt behov. Prosjektleiart vart tilsett juni 2016, og byggestart er berekna til juni 2017. Det vert ikkje lagt opp til auka drift som følgje av nybygga.

Sjukestova

Ressurskrevjande einskildpasientar gjer at drifta må halde fram med den auken i drift som vart gjort i 2015. Det har vore lågare belegg på både lang- og korttids plassar ved sjukestova i 2017 enn 2016, og det har ikkje vore overliggerdøgn på sjukehuset i korkje 2015, 2016 eller 2017..

I tida framover skal omsorgstenesta utvikle tilbodet i samarbeid med brukarar og pårørande, samt ta i bruk velferdsteknologi og mobilisere lokalsamfunnet på nye måtar. Den sterke veksten i talet på eldre om nokre år kan gi den kommunale omsorgstenesta fleire og meir krevjande oppgåver. Men det er også slik at den nye eldregenerasjonen lever lengre fordi den har betre helse, og kan møte alderdommen med heilt andre ressursar enn tidlegare generasjonar.

Nye arbeidsmetodar og samspel med familie og nettverk vil stille store krav til endring i kompetanse og rekruttering, og bety nye måtar å organisere tenestane på. Det er derfor behov for eit fagleg omstillingsarbeid.

Sjukefråver

Sjukefråveret i 1-3 kvartal 2017 for seksjonen har vore på 9,8%, som er høgare enn same periode for 2016 med 8,8%. Det er høgt fokus på å førebyggje sjukefråvær ved å tilrettelegge arbeidssituasjonen til den einskilde, samt at seksjonen saman med andre avdelingar i kommunen har auka fokus på nærvær.

Opplæringsplan

Opplæringsplanen for seksjonen er innarbeidd i den samla opplæringsplanen for Bokn. Denne planen vil bli rullert årleg.

Tenestene 2320 Skule- og helsestasjon og jordmor, 2330 Førebyggjande arbeid, 2340 støttekontakt, 2410 legekantor og fysioterapi, 2540 psykisk helseteneste.

Budsjettmål:

- Eininga skal yte gode tenestar til innbyggjarar i alle aldersgrupper.
- Eininga skal vere ein god arbeidsplass for dei tilsette.
- Eininga skal førebygge, behandle og leggje til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne.
- Eininga skal sikre samhandling, at tenestetilbodet vert tilgjengelig for pasient og brukar, og at tilbodet er tilpassa den enkelte sine behov.
- Eininga skal gje den einskilde pasient / brukar eit tenestetilbod som er tilrettelagt med respekt for den einskilde sin integritet og verdighet.

Førebuing – skule og helsestasjonstenesta

Tenesta inneheld tradisjonell skule- og helsestasjonsteneste, med helseundersøking og vaksinasjon av barn og unge, rettleiing og helseopplysning for familiar med særlege behov, og deltaking i tverrfagleg gruppe. Kommunen har saman med fleire kommunar eit samarbeid om drift av helsestasjon for ungdom i Haugesund

Jordmorteneste og svangerskapskontroll inngår i denne tenesta. Jordmortenesta utgjer 10 % stilling, og dette tilbodet har vore godt nytta av innbyggjarane som har hatt trong for det. Bokn har felles jordmorteneste med Karmøy kommune. Frå 2018 vil innbyggjarane i Bokn få jordmortenester i Karmøy, og samtidig få eit større tilbod, likt Karmøy kommune sine innbyggjarar.

Talet på fødande varierer frå år til år. Dei siste åra har det vore vesentleg færre gravide på Bokn enn tidligare år, medan det i 2015 igjen var ei auke. 2016 hadde kun 4 fødselar, mens det i 2017 er født 7 born i Bokn.

Samarbeidet mellom helsestasjonen og legen er godt innarbeidd, og 10 % av lønskostnadene til legen er lagt inn under dette tenesteområde.

Nasjonalt er det ei auke i barn og unge som slit med psykiske og sosiale vanskar. Dette er ein trend som vi og ser i Bokn. Det er eit aukande behov for rettleiing av enkelt elevar, styrking av det psykososiale læringsmiljøet og tiltak for å styrkje foreldra sin evne til å mestre barn med vanskar.

Budsjettet for 2018 er elles ei vidareføring av driftsnivået i 2017.

Førebyggjande arbeid, helse og sosial

Dette omfattar tenestene skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelvern, kommuneoverlegefunksjon og tilskot til interkommunale ordningar som miljøretta helsevern, krisesenteret, FOU eininga ved HSH og 10 % av stillinga til kommunalt tilsett NAV rettleiar.

Under denne tenesta er kommunelegefunksjonen budsjettert med 20 % av lønskostnadene til legen.

Bokn kommune deltar i eit interkommunalt samarbeid om drift av Krisesenter. Kostnadane for dette samarbeidet blir vidareført i budsjettet for 2018 på same nivå som tidlegare.

Førebygging er en viktig del av samhandlingsreforma. Folkehelseloven skal sikre at *«samfunnet fremmer helse, førebygger sjukdom og utjamnar sosiale helseforskjellar»*. Samhandlingsreforma inneber målretta satsing på helsefremjande og førebyggjande arbeid, og Bokn kommune har etablert Frisklivssentral i 2015 samt lærings- og mestringsstilbod som vert vidareført i 2018 likt som 2017.

Kommunen tok i 2013 initiativ ovanfor Helse Fonna, HSH og andre kommunar for å vidareutvikla det tverrfaglege teamet kor ein drøfta eldre som var i risikosona for å utvikla sjukdom. FOUSAM samen med Bokn kommune, Helse fonna og HSH etter midlar til ei vidareutvikling av Helseteam for eldre. Det vart satt av midlar til å auka Bokn kommune sin helseteamsjukepleiar med 10 % i 2015. Formålet med prosjektet er å gjere ei ny kartlegging av alle eldre over 75 år, samt utvikle en modell for helseteam for eldre som skal vidareførast i ordinær drift i Bokn når prosjektet er over. Det er i budsjettet for 2018 sett av midlar til å kunne vidareføra heimebesøk til 20 eldre. Dette utgjør ca. 10 % stilling.

Sidan 2013 har Bokn betalt kr.5,- pr. innbyggjar for etablering og drift av ein felles FOU eining mellom helseføretaket og kommunane på Haugalandet. Budsjettet vert vidareført i 2018.

I overordna samarbeidsavtale har kommunane forplikta seg til å saman finansiere 50 % koordinator/sekretær for samhandlingsutvalet. Bokn kommunes andel av dette er ca kr. 10 000 pr år.

Diagnose, behandling og rehabilitering

Denne tenesta omfattar drift av legekantor, legevakt, legevaktsentral (avtale med AMK/Helse Fonna), fysioterapi, ergoterapi, kommunal medfinansiering, finansiering av utskrivingsklare

pasientar frå sjukehus, delfinansiering av samhandlingskoordinator, tilskot til SMSO og voldtektsmottak.

50 % av løna til legen er under dette tenesteområdet, og omhandlar den kurative verksemda til fastlegeheimelen vi har. Resten av løna er budsjettert på Helsestasjon (10 %), Sjukestova (20 %) og førebyggjande arbeid, helse og sosial (20 %).

Fastlege lista er nå fullteikna på legekantoret med 650 pasientar. Det er dei siste åra registrert ei markant auke i hendingar til kantoret. Dette skyldast mellom anna endringane som følgje av samhandlingsreforma med tidlegare utskriving til heimen frå sjukehus og ein aldrande befolkning. Det vart i budsjettet for 2015 lagt opp til ein auke med 10 % av sjukepleiar for å ta unna den auka arbeidsbelastninga som har bygd seg opp gjennom fleire år. Dette er vidareført for 2018.

Kommunen har i dei seinaste åra investert i oppgradering av legekantoret med bl.a. nytt medisinsk utstyr og god dataløysing. Legekantoret er i dag eit moderne legekantor. Kommunelegen fekk i 2017 spesialisering. Drifta 2018 er elles tilsvarande drifta for 2017.

Bokn kommune har i mange år hatt eit legevaktsamarbeid med Tysvær og Sveio kommune. Frå 1. september 2015 vart Bokn kommune del av eit midlertidig interkommunalt legevaktsamarbeid i Haugesund som er planlagt å bestå til ny felles interkommunal legevakt er ferdig i 2020. Samarbeidet omfattar og legevakttелефон. Frå 1. januar 2016 har Bokn kommune gjort avtale med Haugesund kommune med kjøp av Øyeblikkelig hjelp døgnopphald senger. Kostnad for avtalen er lik statleg tilskot i ramma uavhengig av bruk.

Fastlegen på Bokn har sidan 2008 hatt ein kollegial vikarordning med Hegren legesenter for å sikra drift av legekantoret og daglegevakt funksjonen i kommunen ved fråvær. Målet med avtalen er at utgifter og inntekter skal gå i null.

Bokn kommune deltek i eit interkommunal samarbeid om voldtektsmottak. Budsjettposten frå 2017 vert vidareført i 2018.

Fysioterapeuten har 75 % driftstilskot. Det inneber at han i gjennomsnitt er på Bokn 4 dagar i veka. Denne tenesta fungerer godt, og har gjort det i mange år. Driftstilskotet blei auka frå 60 til 75 % i 2012. Det vart hausten 2014 lagt til rette for oppkopling til helsenett og sikkersoner for å kunne sende refusjonar og meldingar elektronisk. I drift for 2017 vart det lagt inn 20 000,- til kjøp av nødvendig utstyr årleg. Dette er då likt i 2018.

Jordmortenesta er i samarbeid med Karmøy med 10% stilling.

Rehabiliteringsarbeidet skal gi tilbod til personar med nedsett funksjonsevne, som har habiliterings- eller rehabiliteringspotensiale. Dette arbeidet i kommunen skjer i eit tverrfagleg samarbeid mellom tenester. Legen har sin del gjennom henvisningar og utredning.

Den overordna samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Fonna legg til rette for arenaer for samhandling både på politisk, administrativt og fagleg nivå slik at ein i åra som kjem kan finne fram til korleis regionen vår best lukkast i dette omstillingsarbeidet. Vi vil vera

ein aktiv part regionalt for å leita etter område som det er formålstenleg for oss å samarbeide med andre kommunar om.

Det kommunale hjelpemiddellageret ligg ved sjukestova, og det er personalet der som tidlegare har hjelpt brukarane med søknader om hjelpemiddel frå hjelpemiddelsentralen. Kommunane har sidan 2001 med heimel i forskrift vært pålagt å ha koordinerande eining. Frå 01.01.2012 ble dette lovpålagt. Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering skal ha en sentral rolle i å legge til rette for god samhandling. Dette gjeld både på individnivå mellom pasient/bruker og tenesteytarar, og mellom tenesteytarar frå ulike fag, sektorar og nivå. Einingane i kommunen skal sørge for at tenester vert sett i samanheng, sikre kontinuitet i tenesteytinga, bidra til at tenesteytarane samarbeider om planlegging og organisering av tilboda og leggja til rette for brukarmedverknad. Etablering av dette er ein føresetnad for å lukkast når ein skal oppfylle krava nedfelt i tenesteavtalane. Då det ikkje lukkast å rekruttere ergoterapeut vart det hausten 2016 tilsett fysioterapeut med erfaring frå arbeid med hjelpemiddel. Formålet med denne stillinga er å vidareutvikle koordinerande eining, auke det systematiske tverrfaglige arbeidet rundt habilitering/rehabilitering i kommunen og bidra til i større grad enn i dag tilrettelegging med hjelpemidlar til heimebuande slik at dei kan leve lengst mulig i eigen bustad.

Frisklivssentral i Bokn vart etablert hausten 2015 og har tiltak i form av Bra mat program, individuelle samtalar, trim og kafe samt fast undervisning ift psykisk helse i 10. klasse.

Bokn kommune har gjennom tenesteavtalane med Helse Fonna forplikta seg mellom anna til å utvikle lærings- og mestringstilbod til innbyggjarane. Kommunane er frå myndighetene pliktig å sørge for at tenester må sjåast i samanheng, sikre kontinuitet i tenesteutøvinga, bidra til at tenesteutøvarane samarbeider om planlegging og organisering av tilboda og legge til rette for brukarmedverknad. Bokn har i samarbeid med Karmøy kommune tilbod om ulike tilbod, td røykesluttkurs, kols og diabetes kurs.

Tenestene 2530 sjukestova, 2540 heimetenesta, 2340 bu og aktivitet.

Budsjettmål:

- Eininga skal sørge for at alle som har behov for det skal få tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester, og sikre at den enkelte tenestemottakar får god kvalitet på alle tenestene han mottar.
- Eininga skal vere med på å førebyggje, behandle og leggje til rette for mestring av sjukdom, skade og liding og nedsett funksjonsevne.
- Eininga skal sikre at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og oppleve at ein aktiv og meningsfull kvardag i fellesskap med andre.
- Eininga skal sikre at tenestetilbodet vert lagt til rette, slik at ein har respekt for den enkelte sin integritet og verdighet.
- Eininga skal vere ein god arbeidsplass for alle tilsette.

Stillingsramme

Sjukestova og heimetenesta er drifta som ei avdeling og har eit samla stillingstal på 19,50 stillingar.

Sjukestova

Tenesta gir pleie og omsorg for menneske som treng dette heile døgnet i form av heildøgns omsorg.

Sjukestova har i 2017 hatt noko høgare belegg enn 2016, og har hatt ei krevjande pasientgruppa. Pr. dags dato har ein klart å ta imot alle utskrivingssklare pasientar frå spesialisthelsetenesta. Sjukeheimen har 11 langtidsplassar fordelt på 10 bebuarrom samt 1 korttids plass. Etter utbygginga som vart påbegynt 2017 vil sjukeheimen utvidast til 13 langtidsplassar og 1 korttids plass, samt 7 nye omsorgsbustader. Kommunen vil etter dei er ferdige, ta stilling til kva som skal gjerast med dei 6 gamle omsorgsbustadene.

Ein har dei siste åra hatt ei auke i trong for tilrettelagde sjukeheimplassar for pasientar med demens. Demens er en samlebetegnelse for en gruppe hjernesjukdommar som fortrinnsvis opptre i høg alder og fører blant anna til symptom som hukommelses svikt, sviktande handlingsevne, sviktande språkfunksjon, personlighets- og åtferdsendingar. Det blei hausten 2013 føretatt ei ombygging av deler av sjukestova slik at ein har fått mogelighet til å skjerme brukarar som har behov for det. Dette vil og det og bli teken omsyn til i utbygginga.

Det er nasjonalt eit aukande fokus på digitalisering og effektivisering gjennom å ta i bruk og integrere IKT programvare. Parallelt med dette er det ein forventning om at kommunane gradvis skal ta i bruk velferdsteknologi og ta i bruk dette i utvikling av kommunens tenestetilbod. Dette stiller økte krav til kompetanse hos helsearbeidarane og kvalitetssikring av opplæring og bruk av systema. 2 tilsette tok vidareutdanning i velferdsteknologi i 2017/2018.

Budsjettforslaget for 2018 er i stor grad ei vidareføring av budsjett for 2017.

Heimetenesta

Tenesta omfattar heimesjukepleie, psykiatrisk sjukepleie, heimehjelp, matombringning, tryggleiksalarmar, formidling av hjelpemiddel.

Brukarane skal ha tilgang på heimesjukepleie alle dagar, heile døgnet, om det vert vurdert at det er trong for det.

For kommunane vil satsing på og utbygging av heimetenestene vere eit av dei viktigaste bidraga for å møte utfordringa med fleire eldre. Å motta hjelp i heimen vil i utgangspunktet vere meir kostnadseffektivt og gjerne meir ønskeleg frå den eldre delen av befolkninga, då det gir høve til å bu heime lengst mogleg.

Psykisk helseteneste yter bistand til personar som slit med forskjellige psykiske vanskar av langvarig eller forbigåande art. Å driva førebyggjande arbeid er og ein viktig del av verksemda til psykisk helseteneste. Det er difor ønskeleg å kunne kjøpe plassar på kurs utanfor kommunen for innbyggjarar som kan ha nytte av det då dette vert for kostbart å gjere lokalt. Pr i dag har tenesta løyst dette ved å ta del i drift av kursa med å stille med kurshaldarar som i dag er tilsette i Bokn.

Behovet for psykiske helsetenester har dei siste åra halde seg på eit stabilt høgt nivå, med ein pågåande utfordring i høve prioritering av oppgåver og tidsbruk.

Det er i dag 2 tilsette som deler stillinga, og det er delvis tilbod om tenesta på ettermiddagstid då fleire av brukarane er i arbeid på dagtid.

Stadig fleire eldre, stadige kortare sjukehusopphald, ein pressa økonomi, meir ansvar for helsetenester i 1.-linjen (Samhandlingsreforma) gjer at stadig fleire eldre vert utskrivne frå sjukehus med funksjonssvikt og behov for rehabilitering. Resultatet er at kommunane vil oppleve at stadig fleire heimebuande eldre treng rehabilitering for å kunne fortsette å leve best mulig og bu heime. Dette stiller nye krav til innhald i tenestene og arbeidsmetodar. Nasjonalt er det eit aukande fokus på helsefremjande arbeid, tidleg innsats, tilrettelegging av bustad og rehabilitering i heimen.

Tenesta omfattar også omsorgsløn til personar som har pleie av pårørende som bur heime. Dette er kombinert med hjelp frå kommunen. Dette er i samsvar med vedtatt plan for tiltak for funksjonshemma.

Det er pr. i dag 17 innbyggjarar som har tryggleiksalarm, og det er ei jamn auke i søknader. Bokn innførte i budsjettet for 2014 gebyr for å leige tryggleiksalarmer pr. måned. For at eigenandelen skal dekke dei utgiftene kommunen har pr. måned for leige og administrasjon av utstyret må eigendelen aukast til kr 200,- pr mnd for 2018. I 2017 vart det inngått avtale med Haugaland kraft om kjøp og drift av tryggleiksalarmear, med innføring hausten 2017.

Bu og aktivitet

Denne tenesta omfattar bu og aktivitetstilbodet for funksjonshemma i kommunen. Det er 3,20% årsværk i avdelinga. I tillegg inngår drifta av dagsenteret for eldre, som er eit høgt verdsett tiltak. 10 % av stillinga til kommunalt tilsett NAV rettleiar er og i denne tenesta.

Bokn kommune fekk i 2014 ei dobling i antal innbyggjarar med psykisk utviklingshemming. Dette vil medføre at Bokn vil få auka tilskot i ramma til bygge opp nødvendig tilbod til denne brukargruppa.

Dagsenteret for eldre er eit populært tilbod blant dei eldre i kommunen. Dette tiltaket som fremjar aktivitet og sosialisering, er eit viktig førebyggjande tiltak for denne aldersgruppa. Tiltaket har ope 1 dag kvar uke.

Ein har dei siste åra sett ei auke i behovet for aktivitetstilbod på dagtid og tilrettelagde sjukeheimplassar for demente. Dette vil bli tatt omsyn til i prosjektering av nye omsorgsbustader med heildøgns bemanning.

Avlasting og støttekontakt er og ein del av denne tenesta. Ordninga omfattar mellom 10 og 15 personar, og fleire av desse er svært omsorgskrevjande. Målsetjinga er at dei som sjølv ikkje maktar det, skal få hjelp til å bryta sosial isolasjon og få tilbod om aktivitetar. I tillegg treng pårørende avlasting. Budsjett 2018 for avlastning og støttekontakt er ei vidareføring av budsjettet for 2017.

Rammeområde 4 – Sosial og barnevern

Etablering av interkommunalt NAV-kontor

Bokn kommune blei sommaren 2017 informert av Regionsdirektør i Nav Rogaland at kontoret i Bokn ville bli lagt ned. Nedleggelsen ville skje i forbindelse med at tilsatt Nav-leiar i Bokn slutta i stillinga.

Regionskontoret i Rogaland har starta opp eit arbeid med å greia ut etablering av eit felles Nav-kontor for Karmøy og Bokn. Bokn kommune med rådmann og kommunalsjef tenester deltar i dette arbeidet saman med statleg tilsett i Nav-Bokn og representantar frå Nav-Karmøy. Utgreinga vert leda av avdelingsdirektør NAV-Rogaland.

Forslag til organisering av nytt Nav-kontor vil bli lagt fram for kommunestyre tidleg i 2018, men som fylgje av bemanningssituasjonen på Nav-kontoret i Bokn, blir både statlege og kommunale Nav-tenester no utført i Karmøy – som ei midlertidig ordning.

I tillegg til statlege og kommunale NAV-oppgåver har den kommunale Nav-medarbeidaren også utført reine kommunale oppgåver. Desse oppgåvene er frå 1. november overtatt av andre kommunalt tilsette i Bokn.

Bustadsosial handlingsplan - investeringar i økonomiplanperioden

Bustadsosial handlingsplan blei vedtatt av kommunestyret sommaren 2015. Ved godkjenning av planen blei det òg gjort vedtak om vidare organisering av arbeidet for å realisere planen. Bygging av nye omsorgsbustader og sjukeheims plassar vart starta opp i 2017 og skal stå ferdige i løpet av 2018.

Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge

I 2016 vart kommunen sitt tilbod om sommarjobb for årsklassane 15 - 17 år lagt inn igjen i budsjettet. Rådmannen har som fylgje av stramme økonomiske rammer ikkje funne å kunne vidareføre dette tiltaket i framlegg til budsjett for 2018.

Teneste 2330 Førebyggande arbeid, helse og sosial

Dette omfattar tenestene skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelvern, kommuneoverlegefunksjon, krisesenteret, FOU eininga ved HSH. Kommunestyret har vedtatt at skjenkekontrollane skal utførast i eit samarbeid med dei andre kommunane på Haugalandet med Sauda som vertskommune.

Bokn kommune deltar også i eit interkommunalt samarbeid om drift av Krisesenter. Kostnadane for dette samarbeidet blir vidareført i budsjettet for 2018 på same nivå som tidlegare.

Teneste 2340 Aktivisering av eldre og funksjonshemma

Denne tenesta omfattar bu og aktivitetstilbodet for funksjonshemma i kommunen. I tillegg inngår drifta av dagsenteret for eldre, som er eit høgt verdsett tiltak.

Avlasting og støttekontakt er også ein del av denne tenesta. Ordninga omfattar mellom 10 og 15 personar, og fleire av desse er svært omsorgskrevjande. Målsetjinga er at dei som sjølv ikkje maktar det, skal få hjelp til å bryta sosial isolasjon og få tilbod om aktivitetar. I tillegg treng pårørande avlasting. Budsjett 2018 for avlastning og støttekontakt er ei vidareføring av budsjettet i 2017.

Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betra levevilkåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja om arbeid, trygd eller utdanning.

Denne tenesta vil bli utført gjennom det interkommunale Nav-kontoret.

Teneste 2440 Barneverntenesta

Tenesta inneheld rettleiing, undersøking og oppfølging av barn og familiar.

Frå og med 2014 har Bokn kommune kjøpt barneverntenesta frå Karmøy.

Barnevernet på Karmøy er organisert med 3 fagavdelingar, inndelt etter funksjonane mottak og utredning, hjelpetiltak og omsorgstiltak. Innsatsen retter seg mot barn som har behov for bistand, etter meldingar frå ulike instansar. Barnevernet får dagleg meldingar, og følgjer opp desse med utgreiing og tiltak gjennom saksbehandlar og familieveileidar. Barnevernet si rolle er å vera støttespelar for foreldra med målretta hjelpetiltak eller å erstatte foreldreomsorga når denne av ulike grunner ikkje strekk til. Ei viktig side ved barnevernet si rolle er å våge å velje barnets perspektiv sjølv om foreldra er uenige.

Når det oppstår spørsmål om, eller bekymring for barn som har det vanskelig, skal alle meldingar frå Bokn bli behandla av barnevernet på Karmøy på ordinær måte. Barnevernsarbeidet blir integrert i ein robust teneste med høyt kompetanse og døgnerberedskap.

Bokn kommune kjøpar tenester tilsvarande eitt årsverk, dette dekkjer utgiftene til rettleiing til foreldre og saksbehandling av barnevern saker. Budsjettet for 2018 er ein vidareføring av budsjettet for 2017.

Generelt førebyggjande arbeid ligg ikkje i tenesteavtalen med Karmøy kommune. Kommunen løysar dette i det tverrfaglege teamet for barn og unge leia av kommunalsjef tenester. Teamet består av representantar frå skulehelsetenesta, PPT, skulen og barnehage.

Teneste 2510 Barnevernstiltak i familien

Tenesta gjeld hjelp til barn og unge med særskilt behov for støtte. Hovudvekta av dei tiltak som barneverntenesta sett i verk, som definerast som "hjelpetiltak" etter lov om barneverntenester, ligg under teneste 2510. Dette er hjelpetiltak som er av førebyggjande og

støttande karakter, som skal gje barn, unge og deira familiar hjelp i heimen, slik at dei klarar dei utfordringane som kvardagen gir.

I dei seinare åra har ein sett ein auke i saker kor barnevernstenesta har gått inn med hjelpetiltak. Sakene er ofte komplekse, og krev ein kompetanse som ein må kjøpa frå eksterne samarbeidspartnarar. Tiltak som krev at ein går ut og kjøper spesialkompetanse fører ofte til høge kostnader.

Budsjettet for 2018 er ei vidareføring av budsjettet for 2017.

Teneste 2520 Barnevernstiltak utanfor familien

Dette gjeld barn som har tiltak/omsorg utanfor familien. Tenesta omfattar både kortvarige og langvarige omsorgstiltak utanfor familien, og budsjettering innan dette området vil sjølvstendig avhenge av om tiltaka er av kortvarig eller langvarig karakter. I fleire år har kommunen ikkje hatt nokon barn i langvarige omsorgstiltak, men ein har i dei seinaste åra hatt nokon med kortvarige omsorgstiltak. Kostnadene vil sjølvstendig variera stort avhengig av antal personar med tiltak innan dette tenesteområdet.

Karmøy kommune vil fakturere oss kvartalsvis for faktiske kostnader som følgje av tiltaka som vert vedtatt i den enkelte sak. Det har de siste 2 – 3 åra vert ei betydelig auke i antall saker innan barnevernet.

Men kommunen sine utgifter til barnevernet ligg likevel ikkje høgt i forhold til landsgjennomsnittet.

Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar Husbanken sine støtteordningar med utbetringstilskot, etableringslån m.v. Frå 2003 vart ordninga med startlån innført, og er ei låneordning for husstandar med etableringsproblem. Det er kommunane som administrerer startlånet.

Det er den enkelte sitt ansvar å skaffe seg eiga bustad. Økonomiske, sosiale, psykiske og fysiske problem gjør at ein del menneske likevel har problem med å skaffe seg eller behalda eigen bustad. I det siste tiåret har det vært nasjonal politikk at så mange som mogelig skal integrerast i lokalsamfunnet og ha sjølvstendige bustadar.

Lov om sosiale tenester regulerer kommunens ansvar for vanskeligstilte i bustadmarknaden. Dette gjeld ansvaret for å medverke til å skaffe bustad for dei som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser samt forpliktinga til å finne midlertidig husvære for dei som har akutt behov for tak over hovudet. Vidare angir lova dei viktigaste tenestene i samanheng med det bustadsosiale arbeid, for eksempel praktisk bistand og opplæring.

Søknadane om startlån har dei siste åra vært aukande og det er grunn til å tru at denne utviklinga vil fortsette i åra som kjem.

Det er i budsjettet for 2018 ikkje fremma forslag om å ta opp ytterlegare startlån.

Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp

Tenesta omfattar bistand til personar med økonomiske problem (bidrag og lån). Tenesten utføres av Nav-kontoret.

Etter § 18 i lov om sosiale tenester er kommunen pliktig til å sørgje for nødvendig livsopphald for menneske som oppheld seg i kommunen dersom dei ikkje sjølv kan sørgje for

dette gjennom arbeid eller andre økonomiske rettigheter. Ein har dei siste åra opplevd ei auke i antal personar som er avhengig av økonomisk sosialhjelp, både som hovud inntekt og supplerande hjelp. Søkjarar om sosiale ytingar har ofte problemområde i tillegg til at dei kan vera utan arbeid. Det kan vera psykiatri/rusmisbruk, gjeldsproblematikk og andre ting. Det er derfor samansette og arbeidsintensive oppgåver. Økonomisk sosialhjelp skal vera ei midlertidig ordning, og det må også arbeidast aktivt med søkjarane for å finna andre varige løysingar.

Det er vanskeleg å budsjettera økonomisk sosialhjelp, då det uventa kan koma nye søkjarar med rett på stønad.

Frå 1.7.16 vart det ei lovendring kor kommunen kan pålegge aktivitetsplikt til arbeidsledige under 30 år.

Erfaringa med sysselsetjingsprosjektet så langt kan tyde på at dette er eit viktig verkemiddel for å hjelpe menneske som går på sosiale ytingar over i andre ordningar enten dette er ut i lønna arbeid, utdanning eller i andre ytingar i NAV. Det kan også sjå ut som om det reduserer lengda det enkelte menneske er mottakarar av sosiale ytingar.

Arbeidsløysa i Bokn har dei siste åra vore låg i motsetning til resten av Rogaland som har vært på Norges-toppen. Fleire kommunar i Rogaland har mottatt ekstra midlar for å stimulera vekst for å få ned arbeidsledighetstala. Dette er ikkje vidareført gjennom budsjettet for 2018. Budsjettet for sosiale ytingar i 2018 er ikkje auka, men er bare vidareført ut frå budsjettet for 2017.

Rammeområde 6 – Seksjon teknisk

Seksjonen har 4 årsverk/stillingar samt 17 personar som er med i det frivillige brannkorpset og ein ekstern medarbeidar som tek del i vaktordninga på vassverket.

I 2018 vil seksjon teknisk gjennomgå store endringar.

Frå årsskiftet tek Karmøy også over dei driftsavtalane som vi tidlegare har hatt med Tysvær og Suldal:

- Kart og oppmåling
- Landbrukskontor
- Skogbruksforvaltning
- Viltstell
- Natur- og miljøvernsaker
- Matrikkelføring

Etter at endringane er gjennomført, er det berre driftsavdelinga som er tilbake av teknisk seksjon i Bokn. I driftsavdelinga er 3 faste stillingar. Den eine, som er ingeniør, er drifts- og eigedomssjef (50%) og vaktmeister i Bokn arene (50%). Dei to andre er vaktmeistrar som har ansvar for alle vaktmeisteroppgåvene inkludert drift av Bokn vassverk. I tillegg til desse er ein person tilsett på deltid for å ta del i vaktene på vassverket.

Noverande teknisk sjef har varsla at han går av med pensjon 1. oktober 2018. Når dette skjer, er det grunn til å tru at samarbeidet med Karmøy og Haugaland brann og redning er på plass. Ein må då rekna med at store delar av det arbeidet teknisk sjef i dag har, fell bort. Det vil likevel vera mange oppgåver som framleis vil vera att. Dersom ein ikkje skal tilsetja ny teknisk sjef eller nokon i ei anna rolle som tek oppgåvene, må desse bli tekne over av andre.

Rådmannen skal i sin stab ha kompetanse kva gjeld plan- og byggjesak. Denne kompetansen ligg i dag hos rådmannen sjølv, teknisk sjef og innleigd konsulent. Oppgåver som og i framtida må vera nær knytt til rådmannen, er leiing av arbeid med kommuneplan, kommunale områdeplanar og kommunale detaljreguleringsplanar. Det vil og i framtida vera trong for kontakt mellom politisk- og administrativ leiing i Bokn, og dei i Karmøy som arbeider med Bokn sine plan- og byggesaker.

Teneste 1900 og 1902 Vaktmeistertenester og Fellesutgifter Boknatun.

Under tenesta høyrer vaktmeister og fellesutgifter for heile kommunen med unntak av skule og barnehage.

I tenesta ligg:

- Vedlikehald av bygg og grøntanlegg.
- Førebyggjande brannvern.
- Arbeid for å fremja energiøkonomisering.

Nett no har ein ingen problem knytt til drift av bygg eller anlegg.

Ein har i mange år arbeidd med å auka tryggleiken mot brann på sjukeheimen. Ein har fått laga ein plan for friskmelding av bygget gjennom eit nytt brannkonsept. Brannkonseptet har overrissing av Sjukeheimen som eit av dei viktigaste punkta.

Kommunen er no i gang med å bygg nye omsorgsbustader og sjukeheimsrom samstundes som ein utbedrar sjukeheimen. Midlane som var sett av til brannsikring er ført over til dette prosjektet..

Ein fekk ikkje malt sørvegger på Boknatun i 2017. Ein tok sikte på at arbeidet skulle bli leia av vaktmeistrane og gjort med bruk av sommarvikarar innføre normale budsjettrammer. Sommarvikarane er berre inne og erstattar den vaktmeisteren som er på ferie. Ein aukar difor ikkje kapasiteten. Sumaren er elles den travlaste tida med plenslått og stell av blomar. Skal ein gjera vedlikehald utan å leiga hjelp, må ein auka rammene for bruk av vikarar. Rådmannen finn ikkje rom for dette i 2018.

Teneste 2210 og 2220 Bygg for Bokn barnehage og skule.

I tenesta ligg ansvar for å skifta ut og å gradera opp tekniske og konstruktive hovudsystem, utvendig vedlikehald og kostnader med å halda eit godt inneklima. Energikostnadene ligg under tenesta.

Nett no har ein ingen problem knytt til drift av bygg eller anlegg. Ein har sikra vedlikehald av viktige tekniske anlegg som heis, ventilasjon og brannalarmanlegg med bruk av serviceavtalar.

Ein står ikkje på kort sikt framføre vesentlege utfordringar kva gjeld skulebygget. Varmeanlegget er felles for skule og barnehage.

Skulen er godt vedlikehalden og alt ber preg av å vera ordentleg.

Ein kjenner likevel til at taktekinga på den eldste delen har lege meir en det dobbelte av garanert levetid. Dersom ein får problem med lekkasjar, må taket tekkast på ny. Kostnaden med dette vil vera mellom kr 500.000,- og kr 700.000,-

Like eins veit ein at fyrkjelane er gamle og kan bryta saman. Styresmaktene krev at fyrkjelane skal fasast ut så snart det let seg gjera.

NY SKULE NO ELLER SEINARE

Sjølv om skulen er godt vedlikehalden og fungerer tilfredstillande i det daglege, har bygget frå 1972/73 vesentlege manglar i høve til krava som gjeld i dag.

Oppvarminga kjem frå vatn som er oppvarma i oljefyrte kjelar og blir distribuert til radiatorar. Olje som energiberar til grunnvarme er på veg ut etter påbod frå styresmaktene. Røyrlegg og radiatorar er gamle og ein har til tider mindre lekkasjar. Ventilasjonsanlegget held ikkje mål etter krava i dag. Det elektriske anlegget er over 40 år gammalt og står for utskifting. Brannsperrane i takkonstruksjonen er ikkje gode nok. Byrjar det å brenna, brenn truleg heile den eldste delen av skulen ned. Faren for liv og helse ved brann er likevel svært liten då rømningsvegane er gode.

Isolasjon i tak og vegger tilfredsstiller ikkje dei krava som gjeld no. Hadde ein bygd nytt, ville ein og valt anna planløyising og ein ville fått eit meir moderne fasadeuttrykk.

Det som er sagt om standard er delvis funne med synfaring på skulen og delvis med bakgrunn i at ein i Sveio kommune har hatt ein grundig gjennomgang av tilhøva på den gamle delen av skulen der, som er bygd i 1973 etter same leist som Bokn skule. Tilhøva er

dei same i Bokn som i Sveio. Rapport om ENØK i kommunale bygg utarbeid av Ferkingstad og Alsaker i 2015 ligg og til grunn.

Byggjekostnaden for ny skule vil i dag liggja mellom kr 25.000,- og kr 30.000,- pr. m² utan mva. alt etter kva standard ein legg seg på. For det vidare arbeidet vel me å leggja til grunn kr 27.000,- pr. m².

Utgreiingane i Sveio syner at ei total rehabilitering av skulen vil kosta om lag 75% av nybygg. Då har ein med ny planløyising og nye fasadar samt full utskifting av tekniske anlegg (varme, ventilasjon, sanitær og elektro) og tilleggsisolasjon samt gode brannsperrer.

Ein legg til grunn at skulen og i framtida blir der han no er. Nærleik til barnehage, idrettsplass og fleirbrukshall talar for dette.

Dersom ein ser føre seg å byggja ein framtidsskule av same storleik som den ein har i dag, og bruka den nyaste delen (ungdomsskulen) utan endringar, vil ein ved å riva gamleskulen og bygga nytt, få ein kostnad på om lag kr 80 mill. Satsar ein på rehabilitering vil kostnaden bli mellom kr 60 og 65 mill.

Satsar ein på ein ny skule på om lag 4.500 m² med plass til 300 – 350 elevar slik ein såg føre seg i 2010, vil kostnadene med reint nybygg bli om lag kr 110 mill. Kombinerer ein rehabilitering og nybygg blir kostnaden om lag kr 90 mill.

Det vil truleg vera lettast å gjennomføra fornyinga stegvis, medan skulen er i bruk, om ein vel rehabilitering.

Fram til 2010 hadde ein ei positiv utvikling i elevtalet som no har stoppa opp. Så langt ein kan sjå vil elevtalet gå tilbake. Etter som ein får betre kommunikasjonar mot sør er det grunn til å tru at ein på ny vil få folkevekst i Bokn og då vil det bli fleire born. Dette vil og i nokon mon vera styrt av økonomisk vekst og tomtekostnader sør for fjorden.

I den mellomfasen ein no er, ser rådmannen det som vanskeleg å koma med gode tilrådingar om framtidig skule. Skulen fungerer godt i det daglege, men representerer ikkje ei tilfredstillande løyising for framtida.

Under vegs skal rådmannen syta for at taktekkinga på gamle-skulen til ei kvar tid blir vurdert og om naudsynt skifta dersom det oppstår vesentlege lekkasjar. Om tekkinga må skiftast, skal han fremja eiga sak i kommunestyret.

Like eins skal rådmannen syta for at varmeanlegget til ei kvar til blir vurdert. Dersom han finn at dette må skiftast ut, skal han fremja eiga sak i kommunestyret.

For at sak om framtidig skule skal bli grundigare vurdert før ein tek endeleg avgjerd om framtidig løyising, er det sett ned ei prosjektgruppe som ser på ulike løyisingar og kjem med ei tilråding. Det blei i 2017 sett av kr 500.000 som skulle nyttast til leige av prosjektleiar og anna naudsynt konsulenthjelp i samband med prosjektgruppa sitt arbeid. Midlane går inn som del av investeringa. Ein er no, oktober 2017, i gong med å førebu arbeidet i prosjektgruppa. Rådmannen rår til at midlane blir ført over til 2018, slik at utgreiingsarbeidet kan fortsetja, men vil samtidig påpeike at det ikkje er funne midler på budsjettet i 2018 eller i budsjettperioden 2018-2021 til skuleutbygging.

Teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus

Tenesta omfattar ansvar for energi og vedlikehald av det gamle skulebygget på Boknaberg. Bygget blir nytta til fritidsaktivitetar for unge. Det blei hausten 2014, i samarbeid med Bokn plast, gjort eit stort arbeid med opprusting av kjellaren. Det er tidlegare vedteke at

så lenge framtida til bygget ikkje er avklara, skal ein berre halda bygget tett og ikkje gjera anna vedlikehald. Etter som åra går, kjem manglande vedlikehald meir til syne. Det er trong for å skifta vindauge og utvendige vegger og tak treng opprusting. Arealet ute ber og preg av manglande vedlikehald. Noko av dette blei rusta opp i samband med at det blei bygd parkeringsplass ved kyrkja. Skal noko gjerast, vil kostnaden snart bli kr 500.000 – 1 mill. Rådmannen ser det slik at framtida til bygget bør bli drøfta i samband med ei samla vurdering av kommunen sine bygg.

Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar utleige og vedlikehald av kommunale bustader.

Kommunen eig 21 husvære. Av desse er 9 i omsorgsbustaden i tilknytning til sjukeheimen og 6 i omsorgsbustaden nord for Boknatun. Vidare har vi 2 hus med 2 ungdomshusvære i kvart på Austre Bokn og ein eldre bustad med 2 husvære i Føresvik.

Dei 7 nye omsorgsbustadene som ein no byggje i tilknytning til sjukeheimen, vil stå ferdige i slutten av 2018. Desse vil føra til at drifts og vedlikehaldskostnadene innan tenesta vil auka.

Ein har installert overrislingsanlegg i dei 6 omsorgsbustadane lengst nord ved Boknatun. Det var i langtidsbudsjettet sett av kr 300.000,- til overrislingsanlegg i ungdomsbustadene. Rådmannen rår til at ein utsett dette prosjektet til etter at Boknatun med sjukeheim og omsorgsbustader er brannsikra. Det kan og vera slik at branntryggleiken i ungdomsbustadene er god nok utan at ein installerer overrisling.

I dei 6 omsorgsbustadene i det gule huset nord for Boknatun bør ventilasjonsanlegga skiftast ut. Dette vil kosta kr 75.000. Rådmannen har ikkje funne midlar til dette i budsjett for 2018.

Bustadene er elles i god stand og treng ikkje ekstraordinært vedlikehald i 2018. Det er likevel slik at ein ofte må gjera oppussingsarbeid når ein skiftar leigetakar. I budsjettet er det sett av kr. 35.000,- til årleg vedlikehald. Husleiga for bustadane vert årleg justert i samsvar med konsumprisindeksen.

3010 – Plansaksbehandling; 3020 - Bygge-, delings- og seksjoneringssaker; 3030 Kart og oppmåling

Under tenestna skal ein arbeida ut planar i samsvar med krav i bygningslov og i overordna planar og retningslinjer. I dette ligg arbeid med reguleringsplanar og andre planar som kommunen treng for å leggja til rette for utbygging og vern. Vidare skal ein handsama bygge- og plansaker i samsvar med lovar og føresegner innafor lovfesta tidsfristar og gjennomføra tilsyn. Ein skal handsama kart og delingsforretningar på ein rask og effektiv måte samt oppdatera kartverk og føra matrikkelen.

Innleigd konsulent har det siste året arbeidd med plan- og byggesak. Frå 1. september 2017 tok Karmøy kommune over arbeidet med nye saker. Saker som er under arbeid vil bli gjort ferdig i Bokn. Dette blir gjort av den innleigde konsulenten ut året. Noko arbeid vil stå att på nyåret, ein må då finna løysingar på korleis ein skal gjera desse ferdig.

Ein tek sikte på at det samstundes med at budsjett for 2018 blir handsama, blir vedteke å delegera mynde i desse sakene til Rådmannen i Karmøy. Saker som i dag blir avgjort av Forvaltningsstyret og Kommunestyret i Bokn vil og i framtida bli handsama i desse organa.

Som godtgjersle for arbeidet skal Karmøy fakturera bygge- og plansaksgebyr og oppmålingsgebyr direkte til tiltakshavar. I tillegg blir det i budsjett for 2018 sett av kr

600.000,- til leige av hjelp frå Karmøy til arbeid i tilknytning til plan- og byggesak og kart- og oppmålingssaker som ikkje blir dekt av gebyra. Vidare er det sett av kr 200.000 til leige av konsulent på plansak. Midlane skal bli nytta til å gjera ferdig kommuneplanen samt til å handsama plansaker, som ikkje var komne inn før 1. september 2017. Det er og sett av kr 100.000 til leige av konsulent på byggesak. Midlane skal bli nytta til å gjera ferdig saker som var komne inn før 1. september 2017.

VA-program

I dag har kommunen berre papirarkiv over offentleg leidningsnett. Det blei i 2015 kjøpt inn nytt program som skal til for å digitalisera kart over kummar og leidningsnett. I 2017 har ein med bruk av legehjelp målt inn leidningane. Ein har ikkje eigen kompetanse til å gjera dette. Ein må leiga hjelp. Rådmannen rår til at det årleg frå 2018 blir lagt inn kr 20.000,- i budsjett til asjuralhald av leidningskartet.

Gebyr

Gebyra for plan- og byggesak og kart og oppmåling skal finansiera dei kostnadene kommunen har til slike oppgåver, dvs. sjølvkost. I 2018 skal Karmøy gjera desse oppgåvene. Rådmannen rår til at Bokn vedtek gebyrregulativ som er likt Karmøy sitt for 2018 for desse tenestene. Karmøy vil så fakturera direkte til tiltakshavar.

Kommuneplanen

Kommuneplanen blei endeleg godkjent i 2013. I 2016 vedtok ein ny planstrategi som føreset endringar i kommuneplanen. Kommunestyret løyvde i 2017 kr 500.000,- til kostnadene med planrevisjonen, herunder konsulenthjelp til leiding av planarbeidet og oppteikning av planen. Arbeidet vil strekka seg inn i 2018. Det som måtte vera att av løyvde midlar må bli ført over.

Reguleringsplanar

Arbeid med reguleringsplanar ligg og under teneste 3010, men blir og ført som eigne prosjekt. Plankrava gjer at trong for nye planar og korrigering av gamle aukar. Er ikkje tiltaka i samsvar med planen, eller dersom det ikkje er godkjente planar, får ein ikkje byggja.

Reguleringsplanen for strandsona og gangveg frå Føresvik til Alvestad har vore under arbeid sidan 2006. Det har vore politisk strid om planen. Arbeidet har stansa mange gonger. Ein revidert plan som i nord ikkje går heilt fram til vegen ned til Highcomp, men følgjer vegen over gnr. 9 bnr. 5 opp til Føresvikvegen og der gangvegen var endra til tursti, blei lagt fram for forvaltningsstyret til 1. gongs handsaming på møte den 25.01.2017. Planen blei sendt på høyring. Det er kome motsegn frå Fylkesmannen. Fylkeskommunen har varsla at dei vil koma med motsegn, men har fått utsetting med å svara. Kommunen har no sett i gang arbeid for å tilpassa planen slik at han kan bli godkjent. Arbeidet med planen vil strekkja seg inn i 2018.

Det er ikkje sett av eigne midlar til planarbeidet. Rådmannen vil leggja fram eiga sak om finansiering av planarbeidet.

Det er sett i gong eit større arbeid med områdeanalyse for Føresvik/ Holmen.

Fylkeskommunen har løyvd pengar til arbeidet, som blir leia av Haugaland vekst. Coop Haugaland, Bokn plast og andre grunneigarar tek del i arbeidet. Arbeidet var sett i gong i 2015 men er framleis ikkje avslutta.

Det er varsla start av reguleringsplan for Holmen med planprogram. Bokn Industriereiendom AS står for det private planarbeidet. Ein tenkjer seg at planen skal avklara framtidig bruk av området med tanke på bustadbygging og handel. Gjennom planen vil ein og avklara om ein kan utvida området med å nytta massar frå Rogfast til å fylla ut i sjøen. Ein tolka det som kom fram i møte med planforum den 2. november 2016, slik at ein kan rekna med støtte frå regionale mynde om ein får ein tilfredstillande avtale med Rogfast om levering av massane.

Bokn Industrieiendom har og varsla at ein set i gong arbeid med reguleringsplan for området sør for High Comp. Det er og her snakk om å nytta massar frå Rogfast for å fylla ut i sjøen. Med denne løysinga blir det mogleg å flytta Bokn plast si verksemd, som no er på Holmen, hit.

Føresvikvegprosjektet, som er ein del av Haugalandspakken, går heilt fram til Holmen. Det er difor viktig at planarbeidet for resten av vegen blir slutført. Noko av planen går inn i plan for sentrumsområdet, ein annan del blir handsama i sentrumsanalysen. Ein ser føre seg at det må lagast plan for resten av vegen frå Sæbø til Holmen. Det er ikkje sett av midlar til planarbeidet i budsjettet for 2018. Dersom kommune må bera kostnader med arbeidet, vil rådmannen leggja fram eiga sak

Kommuneplanen legg til rette for eit større sjønært næringsareal sør for Knarholmen. Rogfastprosjektet vil kosta planarbeidet. Kommunen varsla i 2016 at ein ville setja i gong to reguleringsplanar for området mellom Knarholmen og Lauplandsvågen. Planane var tenkt å vera med å styra utviklinga og leggja til rette for at ein kan gjera seg nytte av steinmassane frå Rogfast. Planarbeidet blei hausten 2016 stogga på grunn av mange merknader. Den viktigaste merkningen, som gjer at ein ikkje kom vidare, var at trase for E 39 – Bokn til Aksdal ikkje var fastsett. Ein har no teke opp at arbeidet. Ein har, etter tilråding frå Fylkesmannen, lagt bort arbeidet med planen lengst i sør, men strekjer grensa for den nordre planen 200 m mot sør samstundes som ein set av plass til ein 200 m breid korridor for nyvegen. Planen er på ny varsla og det er kome nye merknader. Kommunen har valdt å gå vidare med saka for å få ei avklaring så snart det let seg gjera.

Privat detaljreguleringsplan for Nordre Vågholmen har vore til fyrstegongshandsaming i forvaltningsstyret og har vore til høyring. Det er kome motsegn frå Fylkeskommunen. Dei som har sett fram planforslaget, arbeider med å finna løysingar. Når dette er på plass kjem planen til vidare handsaming.

Grieg Seafoof Rogaland AS har fremma privat detaljreguleringsplan for veg og kai i tilknytning til settefiskanlegget i Trosnavåg. Planen har vore til fyrstegongshandsaming i forvaltningsstyret og ligg no, oktober 2017, ute til høyring.

Teneste 3150 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak

Tenesta omfattar tilrettelegging av utbyggingsområde og under dette arbeid med byggemogning av bustadfelt og andre fysiske bumiljøtiltak.

Reguleringsplanen for det private bustadfeltet vest i Alvestadkroken blei godkjent i kommunestyret hausten i 2011. Eigaren har for kort tid tilbake varsla at han vil setta i gang arbeid med å endra planen.

Bustadfeltet i Fyrvegen er no ferdig opparbeid. Feltet har 8 einebustadtomter og ei tomt for fleirbustadshus. Tomtene har vore for sal sidan årsskiftet 2015 – 2016. Fleirbustadtomta og ei einebustadtomt er seld. Det er sett opp hus på einebustadtomta. På tomta for fleirbustadshus er det godkjent byggeplan med 6 små einebustader. Det eine småhuset står ferdig og ligg ute for sal.

Det er godkjent ein privat reguleringsplan i Alvestadkroken som gjev plass til 4 firemannsbustader med til saman 16 små bueiningar. Det blei i 2014 gjeve løyve til å setja i gang byggjearbeidet, men arbeidet i marka er framleis ikkje kome i gong.

Teneste 3200 Kommunal næringsverksemd

Tenesta omfattar drift av kommunalt jordbruks- og skogareal. Kommunen eig nokre jord- og skogparsellar, men driv inga næring knytt til desse.

Teneste 3250 Bistand til næringslivet

Under tenesta høyrer innkjøp av næringsareal samt bygging og utleige av næringsareal og næringsbygg.

Så godt som heile av næringsområdet i Knarholmen er no selt. Det kan bli naudsynt med kommunale investeringar for å leggja til rette for ytterlegare etableringar.

I samband med tunellarbeidet i tilknytning til Rogfast skal det deponerast store steinmassar på Bokn. Desse kan nyttast til planering av næringsområde, bygging av vegar, moloar og mykje anna. For å få nytta massane til beste for Bokn, må det bli laga realistiske planar. Ein har med bakgrunn i dette sett i gong arbeid med områdeplan for arealet sør for Knarholmen slik ein tidlegare har gjort greie for.

Teneste 3300 Samferdselverksamer og transporttiltak

I Bokn høyrer kommunale kaiar inn under dette avsnittet.

Oppgåver knytt til dette er å sikra gamle kaiar og brygger som kommunen eig. Det er eit mål å vurdere kva eigartilhøve som vil vera mest tenleg for framtida.

Karmsund interkommunale havnevesen har driftsansvaret for kaien i Føresvik og krev inn hamneavgift. Kommunen har driftsansvar for den gamle ferjekaien på Tåganen og kai på Hognaland. Kaiane på Torvberget i Våga og i Vestre Arsvågen er definerte som offentlege kaiar. Innanfor moloane i Føresvik og Alvestadkroken er det mindre kaiar/areal som er "offentlege", men det er ikkje klart kva rettar kommunen har. Kommunen har ingen inntekter frå kaiane. Det har vore tvist om eigarskapet til kaien i Vestre Arsvågen. Saka var oppe i Lagmannsretten hausten 2016. Det blei fastsett at Bokn kommune er eigar. Det er no på gang arbeid med eit eventuelt makebyte.

Restane etter det gamle ferjeleiet er framleis ikkje fjerna på Tåganen. Ein tok sikt på å rydda opp i 2012 og 2013 men arbeidet stogga då ein ikkje blei samde om løysing. Kostnadene skal betalast frå fond for vedlikehald av Tåganen. Midlane vil ikkje strekka til om ein skal gjera eit fullverdig arbeid. Kommunen har i seinare tid arbeid med ein avtale med Tåganen Eigedom AS om drift og vedlikehald av kaien. Rådmannen rår til ei løysing der Tåganen Eigedom AS tar ansvar for naudsynt opprusting samt framtidig drift og vedlikehald mot at selskapet får disponere midlane i vedlikehaldsfondet i tillegg til at dei krev inn og får retten til å disponera framtidige inntekter.

Teneste 3330 - 3340 Kommunale vegar / miljø- og trafikksikringstiltak

Ein har fylgjande mål når det gjeld kommunale vegar:
Utføra arbeidet i samsvar med vedtatt serviceerklæring.
Laga ny oppdatert plan for trafikksikring og søkja om trafikksikringsmidlar.

Handlingsplanar.

Ein har i 2016 vedteke ny Plan for trafikksikring. Denne vil bli lagt til grunn for trafikksikringsarbeidet og for søknad om midlar frå fylkeskommunen til trafikksikring. I budsjettet ligg det årleg kr 100.000,- til trafikksikring. Rådmannen rår til at pengar til trafikksikring, som ligg i budsjettet og som ikkje er brukte, kvart år skal setjast av til fond. Dette vil gjera det mogleg å ta større grep

Det blei frå 2017 vedteke å setja av kr 250.000 årleg til asfalt. I 2017 gjekk midlane til å gjera ferdig Hognalandsvegen og å asfaltera Stølsvegen.
Rådmannen finn likevel ikkje rom for å halda fram med denne løyvinga. Frå og med budsjett for 2018 rår rådmannen til at løyvinga blir redusert til kr 100.000. I 2018 vil ein nytta midlane til å utbetra vegen til Jøsenvågen.

Ein legg opp til å byta ei ferist i året. Dette kostar om lag kr 90.000,-.

Utviding av Føresvikvegen til 2-felt ligg inne i handlingspakken som fylket har vedtatt. Det er no løyvt 25 mill. til arbeidet. Av desse skal 12 mill. koma frå Haugalandspakken, 7 mill. frå Rogaland fylkeskommune og dei resterande 6 mill. frå Bokn kommune. Statens vegvesen har ansvar for å gjennomføra prosjektet. Parsellen mellom Sæbø og bakketoppen på Alvestad der arbeidet blei sett i gong i august 2017 skal stå ferdig ferdig 1. mai 2018. Kommunen arbeider med å skaffa midlar til dei to parsellane som står att, gang og sykkelveg frå Alvestad til E39 i Knarholmen og ny veg med fortau frå Sæbø til Holmen.

Ordinært vedlikehald:

Kommunen kjøper i dag tenester til snøbrøyting, kantklipp, vegskraping og anna vegvedlikehald. Kommunen si serviceerklæring blir lagt til grunn for korleis ein skal utføra tenestene.

Teneste 3350 Rekreasjon i tettstad

I tenesta ligg drift og vedlikehald av offentlege plassar, torg, parkar og parkeringsplassar samt leikeplassar, grøntanlegg og turvegar i tettbygde strok. Kulturetaten har ansvar for planlegging og budsjettering når det gjeld leikeplassar og turvegar. Teknisk gjer det fysiske arbeidet.

Utviklinga i samfunnet gjer at det blir venta at anlegga står fram på ein tiltalande måte. Drift og vedlikehald av uteareal har auka i omfang. Det er eit mål at ein saman med kulturetaten får arbeidd ut ein driftsplan for uteanlegg.

Nye anlegg fører til høgare kostnader til årleg drift og vedlikehald.

1000-års-plassen er ikkje ferdig. Her kan gjerast meir, men ein ser ikkje at dette kan prioriterast med det fyrste. Anlegget her må ikkje gløymast dersom det kjem framlegg om nye anlegg. Frå 2016 blei det vedteke årleg å leggja inn kr 10.000,- i budsjettet til diverse vedlikehald på kvernhus, rensk av bekk og anna. Desse midlane blir ført vidare i årlege budsjett.

Nærmiljøanlegget ved Boknasundet er heller ikkje ferdig. I 2015 bygde idrettslaget ny kunstgrasbane. Bokn idrettslag held ho på med å bygga toalett og garderobeanlegg i tilknytning til anlegget utan at kommunen tek del økonomisk.

Det utandørs vedlikehaldet er størst i sommarhalvåret. Dette er samstundes med at dei fast tilsette har ferie. Rådmannen har ikkje funne midlar til auka vikarbruk i 2018.

Teneste 3380 Førebygging av brann og ulykker

Tenesta omfattar feiarvesen og andre tiltak som skal førebyggja ulykker knytt til brann eller eksplosjon.

Samarbeidet med Tysvær vil bli avslutta samstundes med at heile tenesta i fyrste del av 2018 skal gå inn i eit interkommunalt brannkorps på Haugalandet (Haugaland Brann og Redning IKS).

Budsjett for 2017 blir ført vidare inn i 2018.

Teneste 3390 Brannvesen

Tenesta omfattar brannvesen, oljevernsteneste, og andre førebuing- og tryggingstiltak for å møte ulykker knytt til brann og eksplosjon.

Målet er at ein skal vera i stand til å meistra hendingar i kommunen. Det er gjort vedtak om at brannvesenet frå fyrste del av 2018 skal gå inn i nyoppretta interkommunalt brannkorps.

(Haugaland Brann og Redning IKS) I fyrste omgang skal dette ikkje verka inn på inndeling i brannkorps og plassering av stasjonar.

Budsjett for 2017 blir ført vidare inn i 2018.

3400 Produksjon av vatn

I tenesta ligg vasskjelde, inntak, filtrering og reinsing av vatn.

Ein må til ei kvar tid syta for at vasskjelda er stor nok og gjennom god vassreinsing sikra at brukarane får vatn som held mål etter fastsette krav.

Arbeidet med utbygging av Bokn vassverk har ei budsjetttramme på 21 mill.kroner. Arbeidet er etter ein del forsinkingar no godt i gang, og ein legg til grunn at kommunen kan levere vatn til Rogfastprosjektet når dette er aktuelt. Midlar som er løyvd til prosjektet, men som ikkje er nytta i 2017 er tilrådd overført til bruk i 2018.

Når det nye vassverket står ferdig, blir det gamle vassverksbygget med utjamningsbasseng ståande ubrukt. Ein må anten riva bygget eller setja det i stand slik at det kan nyttast til andre funksjonar, til dømes lager for teknisk. Teknisk vil leggja fram ei eiga sak med tilråding om kva som bør gjerast.

I samband med at Bokn kommune kjøpte gnr. 25 bnr. 1 på Torland for å sikra nedslagsfeltet til vasskjelda på Torland, blei kommunen eigar av eit gammalt bustadhus/ hytte. Bygningen må rivast eller vedlikehaldast. Teknisk vil leggja frå ei eiga sak med tilråding om kva som kan gjerast med dette huset.

Kommunen har eit lite vassverk på Hognaland. Dette forsyner Bokn bygg og nokre få hus og hytter. Vatnet blir ikkje reinsa og stettar difor ikkje krav til offentlege vassverk. Pumpehuset er i ferd med å bryta saman sjølv om det ikkje er grunn til å tru at det skal falla ned dei par neste åra. Kostnaden med nytt pumpehus vil liggja mellom kr 80.000 og kr 100.000. Det blei sett av kr 80.000 i budsjett for 2017. Rådmannen rår til at midlar som ikkje er brukt i 2017 blir ført over til 2018.

Teneste 3450 Distribusjon av vatn

I denne tenesta ligg pumpestasjonar, trykkbasseng, leidningsnett og dessutan gebyr for vassforsyning. Ein fører kvalitetskontroll med vatnet ein leverer. Det er ynskjeleg å utvida leveringsområdet og ein skal arbeida med å auka leveringstryggleiken. Kapasiteten på leidningsnettet må og verta vurdert med tanke på sikker levering av sløkkjevatn. Etter ny plan og bygningslov er det eit krav at det skal vera tilgang til sløkkjevatn om ein skal føra opp nye hus.

Dei fleste bustader, gardsbruk og andre bygg på Bokn har vassforsyning frå kommunalt eller private vassverk. Det er berre i Lodenområdet, Straumen, Dagsland, Økland og Gunnarstad ein framleis har eigne brunnar og borehol. I Jøsenområdet har ein eit privat vassverk med Jøsenvatn som kjelde. Eigedommane på Grønnestad har privat vassverk kor Hagavatn er kjelde. Ein kjenner til at vassverket på Grønnestad til tider leverer vatn som ikkje er i samsvar med normerte krav. Det private vassverket på Grønnestad har gardsbruk med mjølkeproduksjon mellom brukarane. Dei som driv mjølkeproduksjon er særst sårbare når det gjeld vasskvalitet. Det bør bli vurdert kva som kan verta gjort for å betra kvaliteten på vatnet. Det vil vera føremålstenleg å arbeida ut ein plan som syner korleis ein kan sikra kvalitetsvatn til heile kommunen. For å gjera ei slik utgreiing, treng ein hjelp frå konsulent. Rådmannen har ikkje funne midlar til dette dei fyrste åra.

Grunneigarane har kome med ynskje om at kommunen skal leggja vassleidning frå Vaulen via Gunnarstad til Trosnavåg. Kostnaden til dette vil koma på kring kr 2 mill. Rådmannen vil vurdera tiltaket dersom oppsitjarane kjem med ein plan som gjer at kommunen sin kostnadsdel blir finansiert gjennom tilknytings- og vassavgift. Rådmannen tek sikte på å fremja eiga sak om dette.

I 2016 fekk ein førespurnad frå grunneigarar på Grønnestad om få offentlig vassleidning hit. Ein har ikkje gjort overslag over kostnaden med dette, men det er grunn til å tru at det er tale om ein kostnad på kr 1,5 – 2 mill. Det blei i 2017 vurdert om kommunen kunne spara mykje på å gjera dette i samarbeid med Haugaland kraft som skal føra kabel frå Trosnavåg til Are. Det blei klart at ein ikkje hadde noko å henta med eit slikt samarbeid. Eit eventuelt tiltak må bli eit spleiselag mellom kommune og oppsitjarar. Rådmannen har ikkje funne midlar til dette i budsjett for 2018.

I samband med at Føresvikvegen blir bygd ut tilrår rådmannen at kommune legg vass- og avlaupsleidning fram til om lag der gassleidningen kryssar på Sæbøsletta. Til føremålet blei det sett av kr 100.000 i investeringsbudsjettet for 2017. Dersom desse ikkje er brukt før årsskiftet må midlane bli ført over til budsjett for 2018.

Gebyr for vatn skal verta fastsett etter prinsipp for sjølvkost. I dette ligg at tilknytingsgebyr og årsgebyr skal dekkja heile kostnaden ved dei årlege driftsutgiftene, avskrivning av investeringar og renteutgifter. Planlagde investeringar vil verka inn på kommunen sine kostnader og gebyr. Sak om sjølvkostgebyr vil kome til politisk behandling i 2018.

Teneste 3500 Avlaupsreinsing / slam

Tenesta gjeld reinseanlegg, utlaup og handtering av restprodukt (slam og vatn).

Kommunen har driftsansvar for 5 større slamavskiljarar. HIM tømmer slam for kommunen. Avvatna slam blir lagt i deponi på Toraneset.

Anlegget for slambehandling i Føresvik held ikkje mål når det i dag skal ta mot avlaup frå 160 pe. Anlegget, som er frå 1975, blei bygd for 100 pe. og er underdimensjonert. Ein får av den grunn store kostnader knytt til at ein må tømme 4 gonger i året. Etter dei planane ein no kjenner, skal mykje av framtidig bustadbygging gå føre seg i området i og ved Føresvik. Eit nytt anlegg må difor dimensjonerast for langt fleire hus. Sjølv om anlegget er under press, kan det vera føremålstenleg å venta med utbygging til ein har oversikt over kor stor utbygging som kjem til å sokna til anlegget i framtida. Kommunen vil også neste år ha store kostnader knytt til vassverk. Av den grunn kan det vera tenleg å venta med investering i reinsing av avlaup.

Haugaland interkommunale miljøverk IKS hentar nå slam både frå kommunale og private anlegg. Årleg slamgebyr og tømgebyr for å tømme ekstra blir kravd inn av HIM.

Tilknytingsavgift og årleg gebyr skal bera kostnadene kommunen har med kloakkanlegg, dvs. sjølvkost.

Teneste 3530 - 3540 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn

Tenesta omfattar pumpestasjonar og leidningsnett og er eit sjølvkostområde.

Det står framleis noko att før ein har gjennomført avlaupsplanen i Alvestad. Det er eit mål at alle private kloakkleidningar skal koplast på. Plan og bygningslova gjev heimel for å setja fram krav om tilkopling.

Det er lekkasje i sjøleidningen på Fyren. I budsjett for 2017 låg det inne kr 70.000 for utbetring av denne. Arbeidet blei ikkje gjort av di ein hausten 2017 såg at samla kostnader i sektoren ville bli høgare en det som var budsjettert. Rådmannen rår til at desse midlane blir ført over til budsjett for 2018.

Budsjettet blir elles ført vidare. I dette ligg at det er rom for å skifta to drenskummar i året.

Teneste 3550 Innsamling av avfall

Tenesta omfattar innsamling og henting av avfall, samt avfallsgebyr. Tenesta skal gjerast til sjølvkost.

Haugaland Interkommunale Miljøverk, HIM, har ansvar for å samle inn avfall på Bokn. HIM har eit differensiert tenestetilbod og fastsett gebyr for renovasjon til private bustader. Den enkelte abonnent kan nå i større grad tinga avfallsdunkar som er tilpassa eigen trong. Eit slikt regulativ vert opplevd meir rettferdig fordi ein kan betale i høve til bruken.

I avtalen mellom HIM og eigarkommunane er det ein føresetnad at det skal vera like gebyr i deltakarkommunane og frå 2014 er gebyra regulert i samsvar med forslaget frå HIM. Likevel må den enkelte kommune vedta gebyra for eigne innbyggjarar. HIM har nå tatt over kontakt med abonnentane samt arbeidet med å fakturera og å krevja inn avgifta. Kommunen får ein liten del av inntektene som skal bera kommunen sine kostnader med at ein framleis vil ha noko brukarkontakt.

Teneste 3600 Naturforvaltning og friluftsliv

Tenesta omfattar koordinering av miljøvernarbeidet i kommunen, og ansvar for å utarbeida miljø- og naturressursprogram. I dette ligg at ein skal sjå til at utmark- og friluftsområda blir forvalta på ein god måte. Vidare skal ein vera med å sikra tilgjenge for allmugen til badeplassar og ein skal opparbeida rasteplassar, turveggar, småbåthamner og fortøying- og kaiplassar. Ut over dette har ein ansvar for å forvalta ferskvassfisk og vilt.

Strandsona og sjøen er viktige friluftsområde for innbyggjarar og turistar. Planar og tiltak som betrar bruken av desse ressursane er viktige for Bokn si framtid.

Kommunen manglar ei oppdatert viltkartlegging som vil vera del av registrering av eit samla biologisk mangfald. I fleire byggesaker blir kommunen konfrontert med at ein ikkje kan dokumentera omsyn til biologisk mangfald. Arbeid med dette må ikkje bli gløymt, men kan neppe bli prioritert dei fyrste åra.

I kommuneplanen har ein fastsett trasear for turstiar og markert viktige lokale friluftsområde. Frå 2017 blei det årleg lagt inn kr 20.000 til vedlikehald av turveggar og turstiar.

Ein har små resursar til forvaltning av vilt og fisk. Ein har leigd sekretærhjelp for den kommunale viltnemda i Tysvær. Frå nyåret 2018 vil dette arbeidet bli tatt over av Karmøy. Arbeidet er avgrensa til forvaltning av hjortevilt. Kommunen bør gi hjelp til å få arbeidd ut driftsplanar for jakt og fiske. Kommunen har samarbeid med Hjorteviltsentret på Svanøy i arbeidet med å forvalta hjorteviltstamma. Utgiftene vert dekkja frå viltfondet som blir finansiert av jegerane. Samarbeid med andre kommunar bør vurderast.

Teneste 3750 Museum

Det gamle ungdomshuset på Håland har fungert som museum i mange år.

Med bakgrunn i initiativ frå historielaget er ein kome i gong arbeid med utbetring på eigedomen. Det er valt eit museumsstyre. Kommunen har løyvd kring kr 70.000,-. Med bruk av dugnadsarbeid har ein bygd ein liten parkeringsplass, sett inn nokre nye vindauge, reparert utedøra, skifta nokre kledningsbord og gjort litt malararbeid. Det står att mykje arbeid om bygget skal koma i brukande stand. Frå 2017 er det årleg lagt inn kr 35.000 til innkjøp av materialar. Ein ser føre seg at arbeidet blir gjort på dugnad.

BUDSJETT 2018

INTERNT TILSYN OG KONTROLL I BOKN KOMMUNE 2018

ART I KOSTRA	TEKST	KONTROLL-UTVALET	SEKRETARIAT	REVISJON (RR, FR, SK)	TOTALT TILSYN OG KONTROLL 2018	UTVALET SITT BUDSJETT 2017	Merknader
080	Godtgjering til kontrollutvalet	17 000			17 000	17 000	2, 3
080	Tapt arbeidsfortjeneste	-			-	-	
099	Arbeidsgiveravgift	2 406			2 406	2 265	
0	Lønnsutgifter	19 406	-	-	19 406	19 265	
115	Servering	-	-	-	-	-	
140	Annonsering	-	-	-	-	-	
150	Kurs og opplæring	33 000	-	-	33 000	30 000	
160	Skyss og kostgodtgjering	2 000	-		2 000	1 000	
195	Medlemskap og kontingentar	3 500	-	-	3 500	2 000	
1	Andre utgifter	38 500	-	-	38 500	33 000	
3	Kjøp rev.selskap			185 000	185 000	180 000	4
	Kjøp fra HKS IKS	-	112 000	-	112 000	109 000	5
	Kjøp av tjenester	-	112 000	185 000	297 000	289 000	
	TOTALT	57 906	112 000	185 000	354 906	341 265	

Merknader:

1. KOSTRA funksjon 110 Politisk styring og kontrollorganer skal brukes for samtlige utgifter i tabellen over i tråd med Hovedveileder 2008
2. Forutsett 4 møter i året og nye satser (kr 11.200 + kr 600 x 2 x 4)
3. Det er 3 faste medlemmer i kontrollutvalet.
4. Budsjettert beløp for revisjon i tråd med ny revisjonsavtale (inkl. selskapskontroll)
5. Budsjettert beløp innebærer sakshandsaming, samt møteavvikling (inkludert innkalling og møtereferat) for 4 møter

Leder av kontrollutvalget har **kr 9.500,-** i fast godtgjørelse.

Medlemmene av kontrollutvalget har en møtegodtgjørelse på **kr 300,-** pr møte.